



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 115 LS

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 115 LS

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga

Innhald

1	Innleiing	5	6.2.1	Oppheving av regel om skattlegging av alminneleg inntekt under eitt for ektefellar	20
2	Meirverdiavgiftsfritak for elektroniske tidsskrift og bøker	7	6.2.2	Endra tidspunkt for når skattlegging som ektefellar tek til å gjelde	20
2.1	Innleiing og samandrag	7	6.2.3	Endra tidspunkt for å fastsetje skattestad for personleg skattytar	20
2.2	Gjeldande rett	7	6.2.4	Oppheving av særleg unntak for nygifte som har stifta felles heim ..	21
2.2.1	Tidsskrift	7	6.2.5	Endring som gjeld ektefelle med bustad på institusjon	22
2.2.2	Bøker	8	6.3	Administrative og økonomiske følgjer	22
2.2.3	Elektroniske tidsskrift og bøker ...	8	6.4	Iverksetjing	22
2.2.4	Utviklinga i EU	8	7	Endring av skatteloven § 2-40	23
2.3	Høyringa	9	7.1	Innleiing og samandrag	23
2.4	Vurderingar og framlegg	10	7.2	Gjeldande rett	23
2.4.1	Innslag av lyd, rørleg bilete og anna funksjonalitet	10	7.3	Vurderingar og framlegg	23
2.4.2	Høvet til andre typar av ytingar som vert tilbydde saman med eller i tillegg til den elektroniske publikasjonen	11	7.4	Administrative og økonomiske følgjer	24
2.4.3	Særskild om meirverdiavgiftsfritaket for elektroniske tidsskrift	12	7.5	Iverksetjing	24
2.4.4	Særskild om meirverdiavgiftsfritaket for elektroniske bøker	12	8	Endringar i reglane om renter på restskatt	25
2.4.5	Framstillingskostnader	12	8.1	Innleiing og samandrag	25
2.4.6	Høvet til EØS-avtalen og reglane om statsstøtte	13	8.2	Bakgrunn og gjeldande rett	25
2.5	Administrative og økonomiske følgjer	13	8.3	Høyringa	26
2.6	Iverksetjing	13	8.4	Vurderingar og framlegg	26
3	Eingongsavgift	14	8.5	Administrative og økonomiske følgjer	27
3.1	Overgang til ny metode for måling av avgassar (WLTP)	14	8.6	Iverksetjing	27
3.2	Fjerne eingongsavgift for køyretøy over 20 år	15	9	Endring av tidspunktet ein reknar renter frå i saker om refusjon av utbyteskatt til utanlandske aksjonærar	28
3.3	Lågare eingongsavgift for motorsyklar	15	9.1	Innleiing og samandrag	28
3.4	Rentekompensasjon ved refusjon av eingongsavgift ved eksport	15	9.2	Gjeldande rett	28
4	Redusert alkoholavgift for små bryggeri	17	9.3	Høyringa	29
5	Elavgift for elektrisk kraft til utvinning av kryptovaluta	18	9.4	Vurderingar og framlegg	29
6	Justeringar i reglane for skattlegging som ektefellar	19	9.5	Administrative og økonomiske følgjer	30
6.1	Innleiing og samandrag	19	9.6	Iverksetjing	30
6.2	Vurderingar og framlegg	20	10	Endring av skattefastsettinga til dei skattepliktige som følgje av søksmål frå styresmaktene mot ei klagenemnd	31
			10.1	Innleiing og samandrag	31
			10.2	Gjeldande rett	31

10.3	Høringa	31	Forslag til lov om endringer i merverdiavgiftsloven	44
10.3.1	Bakgrunn for høringa	31		
10.3.2	Høringa	32		
10.4	Vurderingar og framlegg	32	Forslag til lov om endringer i skatteforvaltningsloven	45
10.5	Administrative og økonomiske følgjer	34		
10.6	Iverksetjing	34	Forslag til lov om endring i lov 20. desember 2018 nr. 107 om endringer i tolloven	45
11	Frekvensavgifter	35		
12	Endring av produktavgifta i fiskerinæringa	36	Forslag til lov om endring i lov 20. desember 2018 nr. 108 om endringer i a-opplysningsloven	46
13	Opprettingar i lovtekst	37	B – Forslag til stortingsvedtak	47
13.1	Skatteloven § 3-3	37		
13.2	Skatteloven § 6-53	37		
13.3	Skatteloven § 8-3	37	Forslag til vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1997 om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringene	47
13.4	Skatteloven § 10-21	37		
13.5	Skatteloven § 12-1	37		
13.6	Skatteloven § 12-2	37		
13.7	Skatteloven § 17-2	38		
13.8	Tolloven § 12-1	38		
13.9	Merverdiavgiftsloven § 21-1 a	38	Forslag til vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1999 om avgift på alkohol (kap. 5526 post 70)	48
13.10	A-opplysningsloven § 6 a	38		
13.11	Endringar som følgje av ny lov om opphavsrett til åndsverk mv. ...	38		
A – Forslag til lovvedtak		41	Forslag til vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1999 om avgift på motorvogner mv. A. Engangsavgift (kap. 5536 post 71) ...	49
Forslag til lov om endringer i skatteloven		41		
Forslag til lov om endring i inndelingslova		42	Forslag til vedtak om endring i Stortingets vedtak 25. april 2019 nr. 482 om avgift på frekvenser mv. (kap. 5583 post 70)	50
Forslag til lov om endringer i skattebetalingsloven		43		



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 115 LS

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga

*Tilråding frå Finansdepartementet 14. mai 2019,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

I Revidert nasjonalbudsjett 2019 foreslår regjeringa følgjande endringar i skatte- og avgiftsreglane som har verknad for provenyet for 2019:

- Meirverdiavgiftsfritak for elektroniske tidsskrift og bøker. Siktemålet er lik avgiftsbehandling av trykte og elektroniske tidsskrift og bøker. Regjeringa foreslår iverksetjing frå 1. juli 2019. Tapet av proveny av å fritta elektroniske tidsskrift og bøker er anslått til 27,5 mill. kroner påløpt og 18 mill. kroner bokført i 2019.
- Fjerne eingongsavgift for køyretøy over 20 år. Føresett at endringa vert iverksett 1. juli 2019, er tapet av proveny anslått til 5 mill. kroner påløpt og 4 mill. kroner bokført i 2019.
- Å redusere eingongsavgift for motorsyklar med 10 pst. Føresett at endringa vert iverksett 1. juli 2019, er tapet av proveny anslått til 12 mill. kroner påløpt og 10 mill. kroner bokført i 2019.
- Å redusere alkoholavgifta for sider og liknande med over 3,7 til og med 4,7 volumprosent alkohol frå små bryggjeri. Føresett at endringa vert iverksett 1. juli 2019, er tapet av proveny på svært usikkert grunnlag anslått til 0,5 mill. kroner påløpt og bokført i 2019.

- Avgiftsvedtaket for frekvensavgifter endras ved at det òg omfattar 700 MHz-bandet. Dette inneber ein samla auke i provenyet på om lag 18 mill. kroner påløpt i 2019 og 47 mill. kroner påløpt i 2020. Inntektene vert bokført i perioden 2020 til 2022.

Stortinget vedtok i statsbudsjettet for 2019 at elektrisk kraft som leverast til utvinning av kryptovaluta i eit datasenter, ikkje skal omfattast av redusert elavgift. Saka er klar for høyring om kort tid. I høyringa vil det verte føresett at endringar må avklarast med EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) før iverksetjing, jf. regelverket om offentleg støtte. Dersom godkjenning frå ESA ikkje ligg føre i 2019 vil det innebere eit tap av proveny på 13. mill. kroner påløpt og 10 mill. kroner bokført i 2019 samanlikna med saldert budsjett.

Framlegga om endringar i skatte- og avgiftsopplegget inneber ein samla reduksjon i skatte- og avgiftsinntektene på om lag 40 mill. kroner påløpt og 42 mill. kroner bokført samanlikna med saldert budsjett for 2019.

Etter at budsjettet for 2019 vart vedteke av Stortinget i desember 2018, la regjeringa 8. mars

2019 fram Prop. 51 S *Endringar i statsbudsjettet 2019 under Finansdepartementet (endringar i reglene om skattefrie personalrabatter mv.)*. Stortinget vedtok endringane einstemmig 2. april 2019, jf. Innst. 225 S (2018–2019). Tapet av proveny vart berekna til 250 mill. kroner påløpt og 200 mill. kroner bokført i 2019.

Dei vedtekne endringane og dei nye framlegga i dette reviderte budsjettet vil samla redusere skatte- og avgiftsinntektene med om lag 0,3 mrd. kroner påløpt og 0,2 mrd. kroner bokført i 2019 samanlikna med saldert budsjett for 2019.

Regjeringa foreslår òg enkelte andre endringar på skatte- og avgiftsområdet:

- Enkelte justeringar og oppdateringar av reglane om skattlegging av ektefellar. Endringane gjer reglane enklare å forstå for skattytarane og betre tilpassa automatisk behandling i Skatteetaten.
- Endring av ordlyden i skatteloven § 2-40 for å gjere det klårt at det avgrensa skattefritaket for aksjeselskap som er eigde fullt ut av Noregs Bank ikkje berre gjeld aksjeselskap skipa etter norsk aksjelovgivning, men òg omfattar selskap skipa i utlandet når dei høyrer heime i Noreg.
- Endring av reglene om renter på restskatt slik at skattytaren framleis kan sleppe rentetillegg om han eller ho betaler restskatt innan 31. mai i skattefastsetjingsåret.
- Tidspunktet ein reknar renter frå i saker om refusjon av utbyteskatt til utanlandske aksjonærar vert endra, slik at rentene vert rekna frå 1. juli i det året utbytet vert utdelt. I dag vert rentene rekna frå det tidspunktet skatten vart betala til staten.
- Endring av skatteforvaltningsloven ved at det vert presisert at omgjeringstilgangen til skatte-

styresmaktene som følge av dom òg gjeld for søksmål mot en skatteklagenemnd.

- Produktavgifta i fiskerinæringa vert redusert frå 2,4 pst. til 2,2 pst. for 2. halvår av 2019.
- Rentekompensasjon ved refusjon av eingongsavgift ved eksport.

I tillegg er følgjande sak omtala:

- Eingongsavgift – overgang til ny metode for måling av avgassar (WLTP).

I denne proposisjonen gjer departementet framlegg om:

- lov om endringar i skatteloven
- lov om endring i inndelingslova
- lov om endringar i skattebetalingsloven
- lov om endringar i merverdiavgiftsloven
- lov om endringar i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i lov 20. desember 2018 nr. 107 om endringer tolloven
- lov om endring i lov 20. desember 2018 nr. 108 om endringer a-opplysningsloven
- vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1997 om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangsnæringene
- vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1999 om avgift på alkohol (kap. 5526 post 70)
- vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1999 om avgift på motorvogner mv. A. Engangsavgift (kap. 5536 post 71)
- vedtak om endring i Stortingets vedtak 25. april 2019 nr. 482 om avgift på frekvenser mv. (kap. 5583 post 70)

2 Meirverdiavgiftsfritak for elektroniske tidsskrift og bøker

2.1 Innleiing og samandrag

I behandlinga av Prop. 1 S (2017–2018) *Statsbudsjettet 2018* og tilhøyrande Innst. 2 S (2017–2018) fatta Stortinget 4. desember 2017 følgjande oppmodingsvedtak nr. 37 (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen utrede utvidelse av merverdiavgiftsfritaket for medier til å gjelde all digital journalistikk, herunder betydningen for uavhengige journalister, og legge dette frem i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2018.»

I Prop. 86 LS (2017–2018) *Endringar i skatte-, avgifts- og tollvgivinga* foreslo regjeringa å innføre eit fritak for meirverdiavgift slik at trykte tidsskrift som er fritekne for meirverdiavgift òg kan gjevast ut elektronisk med meirverdiavgiftsfritak. Det vart samstundes foreslått å ikkje innføre fritak for meirverdiavgift for enkeltartiklar, idet ei slik utviding av fritaket reiser fleire administrative og avgiftstekniske problem, samstundes som faren for press for ytterlegare fritak aukar. I Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019* vart det varsla at regjeringa ville innføre eit fritak for meirverdiavgift for elektroniske utgåver av trykte tidsskrift, som ikkje treng å vere identiske med det trykte tidsskriftet. Vidare vart det varsla at regjeringa ville innføre eit fritak for meirverdiavgift for elektroniske bøker. Regjeringa varsla at ein ville kome attende med endeleg framlegg og provenyanslag i Revidert nasjonalbudsjett 2019.

Dagens fritak for meirverdiavgift for trykte tidsskrift og bøker inneber ulik avgiftsbehandling av trykte og elektroniske tidsskrift og bøker. Det er uheldig med ulik avgiftsbehandling av varer og tenester med same innhald og bruksområde. For å oppnå lik behandling av trykte og elektroniske tidsskrift og bøker, og for å leggje til rette for at tilbydarane av tidsskrift og bøker skal kunne følgje med i den digitale utviklinga og nyttiggjere seg moglegheitene som ligg i digital publisering, foreslår regjeringa å innføre fritak for meirverdiavgift for elektroniske tidsskrift og bøker. Framlegget tek sikte på å gjere det nøytralt for ein eksiste-

rande tilbydar å gå over til (heil)digital publisering, og at valet av publiseringsform skal vere nøytralt for nye tilbydarar.

Skattedirektoratet har hatt framlegg til lov- og forskriftsendringar på høyring. Framlegga inneber ei avveging mellom omsynet til lik avgiftsbehandling av trykte og elektroniske tidsskrift og bøker, og omsynet til å avgrense fritaka slik at dei ikkje vil omfatte fleire typar av publikasjonar enn dei som er fritekne i dag. Framlegga i denne proposisjonen følgjer opp framlegga i høyringsnotatet, men med enkelte endringar. Regjeringa foreslår å opne for moderate innslag av lyd og rørleg bilete i dei elektroniske publikasjonane, som ikkje må endre eller utvide bruksområdet til publikasjonen. Vidare foreslår regjeringa å fjerne kravet om at det må liggje føre ei trykt utgåve av det elektroniske tidsskriftet. Regjeringa foreslår òg å omfatte strøyming og nedlasting av lydbøker av fritaket, på lik line med nøgjeldande fritak for tradisjonelle lydbøker. For å bidra til at fritaka for elektroniske tidsskrift og bøker ikkje vil omfatte fleire typar av publikasjonar enn dei som er fritekne i dag, vert det lagt opp til at føresegna i merverdiavgiftsforskriften kapittel 6, som inneheld definisjonar av tidsskrift og bøker og dei nærare vilkåra for fritak, så langt dei høver skal gjelde tilsvarande for elektroniske tidsskrift og bøker. Regjeringa vil her gjere greie for hovudinnhaldet i forskriftsføresegna som ein tek sikte på å innføre. Den endelege utforminga og vedtakinga av forskrift vert gjort av departementet.

Tapet av proveny av å frita elektroniske tidsskrift og bøker er anslått til 27,5 mill. kroner påløpt og 18 mill. kroner bokført i 2019. Tapet av proveny er forventa å auke over tid i takt med aukande handel med elektroniske tidsskrift og bøker.

Endringane skal ta til å gjelde 1. juli 2019.

2.2 Gjeldande rett

2.2.1 Tidsskrift

Omsetjing av trykte tidsskrift er friteken for meirverdiavgift, jf. merverdiavgiftsloven § 6-3. I mer-

verdiavgiftsforskriften er tidsskrift definert som alle andre publikasjonar enn aviser såframt (1) publikasjonen kjem ut periodisk med minst to nummer i året etter ein fast utgjevingsplan, (2) publikasjonen er nummerert og er ledd i ei ikkje tidsavgrensa rekkje, (3) publikasjonen vert omsett til ein førehandsbestemt pris eller vert delt ut til foreiningsmedlemmer og (4) alle numra har same tittel. Ei rekkje publikasjonar er uttrykkeleg haldne utanfor definisjonen av tidsskrift og dermed utanfor meirverdiavgiftsfritaket, sjølv om dei nemnde krava i utgangspunktet skulle vere oppfylte. Det gjeld mellom anna almanakkar, noteblad og -hefte, trykksaker for utfylling mv., trafikkruiter og ei rekkje nærare spesifiserte registre mv. Publikasjonar som etter dette utgjer tidsskrift, er for det fyrste fritekne dersom dei hovudsakleg vert omsette til faste abonnentar eller hovudsakleg vert delte ut til foreiningsmedlemmer (som betaler kontingent). Hovudsaklegkriteriet er definert som at minst 80 pst. av netto opplag av tidsskriftet i ei samanhengande periode på tolv månader har vore eller vil verte omsett til betalande abonnentar eller delt ut til foreiningsmedlemmer. For det andre gjeld fritaket omsetjing av tidsskrift med for det meste politisk, litterært eller religiøst innhald, uavhengig av om tidsskriftet hovudsakleg vert omsett til faste abonnentar eller vert delt ut til foreiningsmedlemmer. Det er berre omsetjinga av tidsskriftet som er friteken for meirverdiavgift. Ved omsetjing av tenester som gjeld annonsar, må det bereknast meirverdiavgift.

Trykking av tidsskrift for ein oppdragsgivar som omset i så liten skala at han ikkje er registreringspliktig etter merverdiavgiftsloven § 2-1 for omsetjing av tidsskrift, er i visse tilfelle friteken frå meirverdiavgift. Det er berre trykkeritenester i snever forstand som er omfatta av fritaket.

Omsetjing av utanlandske abonnements- og foreiningstidsskrift er friteken for meirverdiavgift dersom minst 80 pst. av dei eksemplara av tidsskriftet som vert omsett i meirverdiavgiftsområdet i ein samanhengande periode på tolv månader vert omsett til betalande abonnentar eller vert delt ut til foreiningsmedlemmer.

2.2.2 Bøker

Omsetjing av trykte bøker er friteken for meirverdiavgift, jf. merverdiavgiftsloven § 6-4. Fritaket gjeld òg for parallellutgåver av bøker gjevne ut som lydbøker. Bøker er i forskrifta definerte som publikasjonar som ikkje er aviser eller tidsskrift. Som for tidsskrift er ei rekkje publikasjonar uttrykkeleg haldne utanfor definisjonen bøker og dermed

utanfor meirverdiavgiftsfritaket, mellom anna trykksaker, småtrykk, reglement og instruksar mv., skole- og studieplaner, trafikkruiter, noteblad og -hefte, samlingar og trykk av bilete og ei rekkje nærare spesifiserte registre mv. Utanlandske bøker er omfatta av fritaket. Fritaket gjeld ikkje publikasjonar som vert selde saman med ei vare av anna slag og som inngår som ein del av ei sams vareeining, med mindre den andre vara utgjer berre ein ubetydeleg del av totalverdet til vareeininga. Det er etter praksis talfesta til under 5 pst.

Som for trykking av tidsskrift, er trykking av bøker for ein oppdragsgivar som omset i så liten skala at han ikkje er registreringspliktig etter merverdiavgiftsloven § 2-1, friteken for meirverdiavgift.

2.2.3 Elektroniske tidsskrift og bøker

Elektroniske tidsskrift og bøker er ikkje omfatta av avgiftsfritaka for trykte tidsskrift og bøker. Ved omsetjing av elektroniske tidsskrift og bøker skal det følgjeleg bereknast meirverdiavgift med 25 pst. sats.

Elektroniske publikasjonar er i meirverdiavgiftsrettsleg forstand elektroniske tenester, jf. merverdiavgiftsloven § 1-3 fyrste ledd bokstav j og Prop. 1 LS (2010–2011). Ved innførsel av elektroniske tenester gjeld det særlege reglar for avgiftsbehandlinga. Ved levering frå utanlandsk tilbydar til næringsdrivande og offentleg verksemd i meirverdiavgiftsområdet, er det den næringsdrivande eller den offentlege verksemda som er ansvarleg for å berekne og betale inn meirverdiavgifta etter reglane om snudd avrekning («reverse charge»). Ved levering frå ein utanlandsk tilbydar til andre mottakarar i meirverdiavgiftsområdet, typisk privatpersonar, er det derimot tilbydaren av den elektroniske tenesta som er ansvarleg for å berekne og betale inn meirverdiavgifta. Slike tilbydarar kan nytte ei forenkla registrerings- og rapporteringsordning (VOES).

2.2.4 Utviklinga i EU

EU-landa er forplikta til å ha eit meirverdiavgiftssystem, og systema er i stor grad harmoniserte gjennom Rådets direktiv 2006/112/EF (meirverdiavgiftsdirektivet). Direktivet set krav til, og rammes for, medlemslanda sine regelverk. Direktivet regulerer mellom anna medlemslanda sine moglegheiter til å nytte reduserte satsar og fritak for meirverdiavgift. Direktivet listar opp dei vare- og tenestetypane som kan ha redusert sats eller fritak. Ei rekkje trykte publikasjonar er omfatta av

opplistinga, mellom anna aviser, tidsskrift og bøker. Elektroniske publikasjonar har derimot ikkje vore omfatta. Den 18. november 2018 vart direktivet endra slik at det er opna for at medlemslanda kan innføre redusert sats, og i visse tilfelle fritak, for elektroniske publikasjonar av same slag som dei trykte. Endringa av direktivet inneber at EU-landa kan innføre redusert sats, og i enkelte tilfelle fritak, for mellom anna elektroniske tidsskrift og bøker. Publikasjonar som heilt eller hovudsakleg består av reklame eller heilt eller hovudsakleg består av video eller høyrleg musikk, kan ikkje ha redusert sats eller fritak.

Ei rekkje EU-land er i ferd med å innføre redusert sats eller fritak for elektroniske publikasjonar. Det gjeld mellom anna Sverige, Danmark og Finland. Sverige har i dag redusert sats med 6 pst. for ei rekkje trykte publikasjonar, og har foreslått å innføre redusert sats med 6 pst. for motsvarande elektroniske publikasjonar. Danmark har fritak for meirverdiavgift for aviser, men elles 25 pst. sats for alle andre publikasjonar. Det er no foreslått å utvide fritaket til òg å gjelde elektroniske aviser. Danmark foreslår derimot ikkje redusert sats for andre typar publikasjonar, korkje trykte eller elektroniske. Finland har vedteke redusert sats på omsetjing av elektroniske bøker, aviser og tidsskrift. Den reduserte satsen er på 10 pst.

2.3 Høyringa

Skattedirektoratet sende på høyring framlegg om meirverdiavgiftsfritak for elektroniske publikasjonar den 19. desember 2018 med høyringsfrist 15. februar 2019. Høyringa gjaldt òg framlegg om forenkla avgiftsbehandling av samleabonnement som inneheld dels avgiftsfritekne og dels avgiftspliktige publikasjonar mv. På bakgrunn av innspela i høyringa finn regjeringa ikkje grunn til å gå vidare med framlegget om forenkla avgiftsbehandling av samleabonnement.

Skattedirektoratet foreslo å avgrense fritaket for både elektroniske tidsskrift og bøker til å gjelde «dokumentfiler med tekst og stillbilde». Det inneber at elektroniske tidsskrift og bøker som inneheld noko lyd og rørleg bilete fell utanfor fritaket. Grunnen er at fritaket i størst mogleg grad skal samsvare med fritaket for motsvarande trykte publikasjonar.

I tråd med omtalen i Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019* kapittel 35 foreslo Skattedirektoratet at det vert sett som vilkår for fritak for elektroniske tidsskrift at det ligg føre eit friteke trykt tidsskrift. Det elektroniske tidsskrif-

tet treng ikkje å vere identisk med det trykte, så lenge det kan seiast å vere same tidsskrift. For å sikre at det elektroniske tidsskriftet er det same tidsskriftet som den trykte utgåva, set framlegget som vilkår at den elektroniske utgåva nyttar same varemerke og har same utgjevar og ansvarlege redaktør som det trykte tidsskriftet. Vidare foreslo Skattedirektoratet å setje som vilkår at den elektroniske utgåva har same utgjevingsplan som det trykte tidsskriftet, og at den elektroniske utgåva må oppfylle dei tradisjonelle kjenneteikna på eit tidsskrift, som mellom anna periodisk utgjeving etter ein fast plan i ei ikkje tidsavgrensa rekke.

For bøker foreslo Skattedirektoratet at det ikkje vert sett vilkår om trykt (parallell)utgåve. Direktoratet syner til at det ikkje er uvanleg å gje ut elektroniske bøker utan at det vert gjeve ut ein trykt versjon. Vidare foreslår direktoratet å avgrense eit fritak for elektroniske bøker på same måte som trykte bøker ved at det vert teke inn ei avgrensing mot tenester med eit innhald som nemnt i gjeldande merverdiavgiftsforskrift § 6-4-2, mellom anna trykksaker, småtrykk, reglement og instruksar mv., skole- og studieplaner, trafikkruter, noteblad og -hefte og ei rekkje nærare spesifiserte registre mv. Direktoratet foreslår òg at det vert gjort fritak for framstillingskostnadar for elektroniske bøker som skal publiserast gratis eller der vidaresalet er så lite at omsetjinga ikkje vil overstige beløpsgrensa for registrering.

Høyringsframlegga vart sende til 119 instansar. 48 har gjeve realitetsmerknader.

Ei rekkje aktørar er positive til innføring av fritak for meirverdiavgift for elektroniske publikasjonar. Sjølv om mange er positive til innføring av meirverdiavgiftsfritak for elektroniske tidsskrift og bøker, har dei òg i stor grad hatt innvendingar til den konkrete utforminga av reglane slik dei vart sende på høyring. Gjennomgåande tilbakemeldingar, og særleg den delen som gjeld elektroniske tidsskrift, er at framlegget vil hindre bransjen i teknologisk utvikling og innovasjon.

Enkelte høyringsinstansar har teke til orde for ei alternativ avgrensing av eit meirverdiavgiftsfritak for elektroniske publikasjonar. *Norsk Redaktørforening, Mediebedriftene, Amedia og Norsk Journalistlag* meiner at eit fritak for meirverdiavgift må omfatte alle journalistiske medium, slik dei er definert i mediefridomslova § 2, som omfattar alle publikasjonar «som driv journalistisk produksjon og formidling av nyhende, aktualitetsstoff og samfunns-debatt». *Fagpressen* foreslår å utvide meirverdiavgiftsfritaket for elektroniske nyhendetenester i merverdiavgiftsloven § 6-2 til òg å

omfatte nisjemedi og djupnejournalistikk. *Tekna og NITO* foreslår ein definisjon av elektronisk tidskrift som omfattar «*funksjonen som nyhetstjeneste med dybdeinnhold av allmenn interesse*».

Ei vesentleg innvending mot framlegget er avgrensinga av fritaket til å gjelde dokumentfiler med tekst og stillbilete. Eit fleirtal av høyringsinstansane finn det lite heldig at framlegget om fritak for både elektroniske tidsskrift og bøker er avgrensa på denne måten. Det vert som nemnd uttalt at ei slik avgrensing gjer at utgjevarane ikkje kan gjere seg nytte av den teknologiske utviklinga og dei moglegheiter som ligg i elektronisk publisering. Det vert synt til at moderne publikasjonar i større utstrekning inneheld fleire element ut over trykt skrift og stillbilete. Mellom anna vert det framheva at stadig fleire elektroniske fagbøker inneheld lyd og film som integrerte element. Det vert òg påpeika at lenkefunksjonalitet i dei elektroniske publikasjonane vil kunne kome i strid med nemnde avgrensing. Høyringsinstansar som har kome med kritiske merknadar til avgrensinga av fritaket til å gjelde elektroniske publikasjonar beståande av dokumentfiler med tekst og stillbilete, er *VID*, *Revisorforeningen*, *Norsk Bibliotekforening*, *Fagpressen*, *UiT*, *Egmont Publishing*, *Mediebedriftene*, *Aller Media*, *Norsk journalistlag*, *Konkurransetilsynet*, *UNIT*, *NHO*, *Medietilsynet*, *Universitets- og høgskolerådet*, *Virke*, *Schibsted*, *UiB*, *Regnskap Norge*, *EBOOK.NO*, *Bokhandlerforeningen*, *NFFO*, *Den norske Forfatterforening* og *Den norske Forleggerforening*. Ei rekkje aktørar etterlyser presisering av kva som ligg i omgrepet «dokumentfiler».

Fleire aktørar finn det lite ynskjeleg å setje som vilkår for meirverdiavgiftsfritak for elektroniske tidsskrift at det må liggje føre ei papirutgåve av tidsskriftet. Utviklinga i bransjen går mot aukande digitalisering. For etablerte trykte tidsskrift vil vilkåret vere til hinder for overgang til rein elektronisk publiseringsform. Vidare vil vilkåret gjere nyetablering av tidsskrift vanskelegare, då det er krevjande å skaffe abonnentar til papirtidsskrift i dagens mediekvardag. For tidsskrift som er etablert med berre elektronisk publisering, vil vilkåret om ei trykt utgåve stå fram som konkurransevridande og uheldig. *Abelia*, *VID*, *Revisorforeningen*, *Norsk Bibliotekforening*, *Fagpressen*, *Egmont Publishing*, *Mediebedriftene*, *Norsk journalistlag*, *Konkurransetilsynet*, *Skattebetalerforeningen*, *NHO*, *Universitets- og høgskolerådet*, *Telenor*, *Virke*, *Schibsted*, *UiB*, *Polaris media* og *Regnskap Norge* har gjeve uttrykk for slike synspunkt.

UIT har påpeikt at kjøparar (næringsdrivande og offentlege verksemdar) av elektroniske tidsskrift (frå utanlandske tilbydarar) vil få utfordringar med kravet om trykt utgåve og kravet til same utgjevingsplan for det elektroniske tidsskriftet som for det trykte. Det vert uttalt at *UIT* i dag ikkje har rutinar for å fastslå om vilkåret om same utgjevingsplan er oppfylt, og at etablering av slike rutinar vil gje administrative kostnader. *UNIT* påpeiker det same.

UiB ynskjer ikkje krav om trykt utgåve, og meiner som ei følge av dette at vilkåret om same utgjevingsplan må gå ut. *Revisorforeningen* syner til at det for elektronisk publisering ikkje er like naturleg å følge ei fast utgjevingsplan og nummerering som for trykte tidsskrift, og at kravet til «*same varemerke*» vil ivareta dei same omsyna. *Schibsted* legg til grunn at det er lite føremålstenleg å krevje ei fast utgjevingsplan for elektroniske publikasjonar, då det vil hindre ekstrapublisering ved behov. *Konkurransetilsynet* finn det uheldig å binde elektroniske publikasjonar til periodiske og faste utgjevingsplaner då dette hindrar nytten av elektronisk publisering. *Fagpressen* finn kravet til fast utgjevingsplan uproblematisk, men finn det uheldig med eit krav om same utgjevingsplan som papirtidsskriftet. Produksjons- og distribusjonsteknologien for trykte tidsskrift er treg og omstendeleg, og elektronisk publisering gjev moglegheiter for hyppige oppdateringar som framlegget vil vere til hinder for at bransjen kan nyttiggjere seg. Tilsvarande synspunkt er sette fram av *Egmont Publishing*, *Aller Media*, *UNIT* og *Virke*. *Tekna og NITO* finn det upraktisk med krav til nummerering.

Fagpressen og *Virke* ynskjer at fritaket for elektroniske tidsskrift skal gjelde i alle omsetjingsledd.

Storytel finn det uheldig at strøyming av lydbøker ikkje er omfatta av framlegget til fritak for bøker. *Konkurransetilsynet* etterlyser fritak for strøyming og nedlasting av lydbøker.

2.4 Vurderingar og framlegg

2.4.1 Innslag av lyd, rørleg bilete og anna funksjonalitet

Ved innføring av meirverdiavgift i 1970 vart det vedteke at omsetjing av aviser, tidsskrift og bøker skulle vere fritaken for meirverdiavgift. Grunngevinga for fritaka var at det «*i et lite språksamfunn som det norske er sterke grunner for at det trykte ord skal være fritatt for den omkostningsbelastning som en avgift vil bety for den trykte publikasjon*», jf.

Ot.prp. nr. 17 (1968–1969). Det vart òg syna til at eventuell avgiftsplikt kan verke hemmande for ei fri opinionsdanning og at kulturelle omsyn vil verte skadelidande. Fritaka for trykte tidsskrift og bøker er følgeleg som det klåre utgangspunkt mynta på det trykte ord. Fritaka stiller ikkje krav til kvaliteten av det trykte ordet, men fritaka er uttrykkeleg avgrensa mot ei rekkje publikasjonar der det trykte ordet i publikasjonen kjem i bakgrunnen, til dømes almanakkar, kalendrar, programmar, trafikkrutar, registre, notehefter mv. Fritaket for bøker er òg avgrensa mot samlingar av bilete dersom sidene er utan tekst eller berre angir namn på stadar, personar eller betekningar, korte instruksjonar eller liknande.

I høyringa framheva mange av høyringsinstansane at avgrensinga av fritaket til å gjelde «dokumentfiler med tekst og stillbilete» inneber at utgjevarane ikkje kan gjere seg nytte av den teknologiske utviklinga og dei moglegheitene som ligg i elektronisk publisering. Departementet er samd i at den digitale utviklinga i samfunnet gjev utgjevarane av tidsskrift og bøker moglegheit ein ikkje har ved trykt publisering, særleg ved at ein kan kombinere fleire element i same publikasjon, til dømes trykt skrift og innslag av rørlig bilete. Departementet syner òg til at brukarane av tidsskrift og bøker i dag i aukande grad konsumerer innhaldet i desse digitalt. For at bransjen betre skal kunne utnytte potensialet som ligg i den digitale utviklinga, foreslår departementet at det vert opna for moderate innslag av rørlig bilete, lyd eller anna funksjonalitet i dei elektroniske publikasjonane. Det vil vere i takt med den digitale utviklinga. Det vil òg bringe dei norske reglane noko meir i samsvar med EUs meirverdiavgiftsdirektiv.

Fritak for meirverdiavgift for elektroniske tidsskrift og bøker er meint å likestille tidsskrift og bøker publisert digitalt med trykte tidsskrift og bøker. Føremålet er derimot ikkje å gje fritak for publikasjonar som i innhald og bruksområde skil seg frå ein trykt publikasjon. Fritaka skal ikkje opne for at ein breiare krets av tilbydarar og publikasjonar enn i dag vert fritakne. Som nemnd er fritaka for trykte publikasjonar særleg grunngitte med omsynet til det trykte ord. Sjølv om det vert opna for visse innslag av rørlig bilete, lyd eller anna funksjonalitet, må det trykte ord vere det framståande innhaldet i publikasjonen. Der innslaget av til dømes rørlig bilete endrar eller utvider bruksområdet for det elektroniske tidsskriftet eller den elektroniske boka, slik at publikasjonen i realiteten endrar karakter ved at det trykte ord ikkje lenger er det sentrale, gjeld ikkje fritaket.

Det inneber for det fyrste at det er ein føresetnad for fritak at eventuelle innslag av anna innhald enn trykt skrift og stillbilete berre understøtter eller underbyggjer det trykte innhaldet i den elektroniske boka eller tidsskriftet. Innslaga av rørlig bilete eller lyd kan ikkje i seg sjølv utgjere målet med kjøpet av den elektroniske publikasjonen. Vurderingstema vil vere om innslaga av rørlig bilete, lyd, lenker o.a. i ein elektronisk publikasjon tek hand om dei same behova for illustrasjon som stillbilete, tilvisingar og fotnotar gjer i trykte publikasjonar.

For det andre må innslaga av lyd og rørlig bilete mv. vere avgrensa i omfang. Departementet foreslår å avgrense fritaket til elektroniske tidsskrift og elektroniske bøker som *hovudsakleg* inneheld tekst og stillbilete. Hovudsakleg skal, på same måte som ved berekning av om eit tidsskrift hovudsakleg vert omsett til faste abonnentar eller vert delt ut til foreiningsmedlemmer, forståast som 80 pst. For den nærare vurderinga av omfanget av eventuelle innslag av anna innhald enn trykt ord, til dømes rørlig bilete, er det etter departementet si oppfatning ikkje mogleg å stille opp presise retningslinjer. Vurderinga vil måtte verte prega av skjønn, og dei nærare grensene vil måtte verte utvikla og fastlagte gjennom praksis.

Dei beskrivne avgrensingane vil verte tekne inn i forskrifta saman med dei andre vilkåra for å kvalifisere som elektronisk bok eller tidsskrift.

2.4.2 Høvet til andre typar av ytingar som vert tilbydde saman med eller i tillegg til den elektroniske publikasjonen

Fritak for elektroniske tidsskrift og bøker reiser spørsmål om avgiftsbehandlinga av ytingar som vert omsette i tilknytning til eller saman med det elektroniske tidsskriftet eller den elektroniske boka. For trykte publikasjonar har dette spørsmålet kome opp særleg ved at tilbydarane har lagt ei anna vare ved publikasjonen, til dømes ein CD-rom, figurar og liknande.

Fritaket for elektroniske tidsskrift og bøker vil ikkje omfatte ytingar som vert omsette separat via dei elektroniske publikasjonane, til dømes annonsar, reklame, film, musikk, tilgang til vin- og matklubbar mv.

I tilfelle der kunden som ein del av ein elektronisk publikasjon òg tek imot ytingar som isolert sett er meirverdiavgiftspliktige, må det vurderast konkret om leveransen i sin heilskap skal sjåast som ein fritaken publikasjon eller om tilleggsytingane utgjere meirverdiavgiftspliktig omsetjing. Det klåre utgangspunktet er etter departementet si

oppfatning at kvart element av tenesta må vurderast for seg. Dette kan likevel stille seg annleis dersom det eine elementet klårt er det prinsipale og andre element berre understøttar den prinsipale ytinga eller er av underordna betydning for kjøpar. I denne vurderinga er det òg eit moment kor distinkt og separat ytinga er. Departementet legg til grunn at sal av annonsar og reklame skal avgiftsbereknast med 25 pst.

Den konkrete vurderinga av om det er omsett ei eller fleire ytingar kan føre med seg at tenester som skal avgiftsbereknast med 25 pst. dersom dei vert omsette separat, kan avgiftsbereknast med nullsats dersom dei vert omsette som del av ein friteken publikasjon. Dette kan føre med seg ei konkurranseulempe for aktørar som omsett tenestene separat og må berekne meirverdiavgift med 25 pst., og er i seg sjølv eit argument for at kvart element av tenesta må vurderast for seg.

2.4.3 Særskild om meirverdiavgiftsfritaket for elektroniske tidsskrift

Departementet foreslår å fjerne vilkåret om at det må liggje føre ei trykt utgåve av det elektroniske tidsskriftet. Departementet syner særleg til at korkje eksisterande fritak for elektroniske nyhendetenester eller framlegget til fritak for elektroniske bøker stiller krav til trykt utgåve. Ein syner òg til at det ikkje vert stilt krav til trykt utgåve i EU-retten. Eit krav om trykt utgåve vil vera ei ulempe for aktørar med rein digital publisering.

Når fritaket for elektroniske tidsskrift ikkje vert kopla til eit friteke trykt tidsskrift, oppstår spørsmål om korleis det elektroniske tidsskriftet skal definerast og avgrensast. For å bidra til at fritaket berre omfattar elektroniske tidsskrift som motsvarer fritekne trykte tidsskrift, meiner departementet at kriteriene for å kvalifisere som friteke trykt tidsskrift så langt dei høver bør gjelde tilsvarende for elektroniske tidsskrift. Det inneber for det fyrste at fritaket for elektroniske tidsskrift berre skal gjelde omsetjing av tidsskrift som hovudsakleg vert omsette til faste abonnentar eller som hovudsakleg vert gjort tilgjengeleg for foreiningsmedlemmer, og omsetjing av tidsskrift med for det meste politisk, litterært eller religiøst innhald. Vidare vert det lagt opp til å gjere bruk av føresegna i merverdiavgiftsforskriften som gjeld trykte tidsskrift, så langt dei høver. Mellom anna skal det stillast krav om at det elektroniske tidsskriftet har ei fast utjevingsplan og nummere-

ring. For nærare omtale av vilkåra for trykte tidsskrift, sjå omtala i punkt 2.2 om gjeldande rett.

Føresegna i forskrifta er utforma med sikte på trykte publikasjonar. Enkelte av føresegnene i forskrifta høver difor ikkje godt for elektroniske tidsskrift og må tilpassast det særskilde ved det elektroniske formatet. Departementet tek sikte på å utforme og vedta forskriftsføresegner innan iverksetjing av reglane 1. juli 2019.

Elektronisk publisering gjer det mogleg å endre eller oppdatere innhaldet i det elektroniske tidsskriftet etter publisering. Fritaket for elektroniske tidsskrift skal likestille elektronisk publisering med trykte tidsskrift. Fritaket skal derimot ikkje omfatte dynamiske elektroniske publikasjonar som vert endra fortløpande. Endringar eller oppdateringar utover rettingar av feilskrift og liknande vil innebere at det elektroniske tidsskriftet endrar eller utvider bruksområdet samanlikna med eit trykt tidsskrift, og vil innebere at fritaket ikkje kjem til bruk.

2.4.4 Særskild om meirverdiavgiftsfritaket for elektroniske bøker

Departementet foreslår å gjere enkelte endringar i høyringsframlegget. For det fyrste vert det som nemnd opna for visse innslag av lyd, rørleg bilete og anna funksjonalitet. For det andre vert det presisert at òg lydbøker som er parallellutgåver av elektroniske bøker er omfatta av fritaket. Fritaket vil omfatte strøyming og nedlasting av lydbøker. På same måte som for tidsskrift tek departementet sikte på å utforme og vedta forskriftsføresegner innan iverksetjing av reglane 1. juli 2019.

2.4.5 Framstillingskostnadar

I høyringsframlegget er det foreslått at det vert gjort fritak for framstillingskostnadar for elektroniske bøker som skal publiserast gratis eller der vidaresalet er så lite at omsetjinga ikkje vil overstige beløpsgrensa for registrering. Det er ikkje foreslått tilsvarende fritak for framstillingskostnadar for elektroniske tidsskrift. **D e p a r t e m e n t e t** vil vurdere nærare behovet for eit fritak for framstillingskostnadar for både elektroniske tidsskrift og bøker, irekna kva tenester eit eventuelt fritak skal omfatte. Det vert difor foreslått at det i fyrste omgang vert gjeve heimel til å gje forskrift om at framstilling av elektroniske tidsskrift og bøker skal vere friteken for meirverdiavgift.

2.4.6 Høvet til EØS-avtalen og reglane om statsstøtte

I Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019* vart det lagt til grunn at fritak for meirverdiavgift for elektroniske tidsskrift og bøker inneber statsstøtte som må notifiserast og godkjennast av EFTAs overvåkingsorgan (ESA) før dei kan ta til å gjelde. Etter endringa av EUs meirverdiavgiftsdirektiv den 18. november 2018 kan EU-landa innføre redusert sats, og i visse tilfelle fritak, utan notifikasjon til EU-kommisjonen. EØS-avtala bygger på ein grunnleggjande føresetnad om eit sams regelverk som vert praktisert likt av medlemslanda i heile EØS. Departementet antek at Noreg på same måte som EU-landa kan innføre fritak for meirverdiavgift for elektroniske tidsskrift og bøker utan notifikasjon, og ein legg ikkje opp til å notifisere fritaka til ESA.

Departementet syner til framlegg om endringar i merverdiavgiftsloven § 6-3 og § 6-4.

2.5 Administrative og økonomiske følgjer

Å innføre meirverdiavgiftsfritak for elektroniske tidsskrift frå 1. juli er anslått å gje eit tap av proveny på om lag 12,5 mill. kroner påløpt og 8 mill. kroner bokført i 2019. Tapet av proveny ved å innføre fritak for elektroniske bøker er anslått å gje eit tap av proveny på om lag 15 mill. kroner påløpt og 10 mill. kroner bokført i 2019. Tapet av proveny er forventa å auke over tid i takt med aukande handel med elektroniske tidsskrift og bøker.

Fritak for meirverdiavgift for ei elektronisk teneste inneber at denne tenesta må avgrensast mot andre elektroniske tenester som skal avgiftsbereknast med 25 pst. sats. Dette vil føre med seg auka administrative kostnader for dei næringsdrivande. På den andre sida vil det innebere ei forenkling for utgjevarar at dei ikkje lenger treng å skilje mellom meirverdiavgiftsfritekne trykte publikasjonar og meirverdiavgiftspliktige elektroniske publikasjonar. Dei næringsdrivande må dokumentere korrekt avgiftsberekening i rekneskapen. Dersom krav til dokumentasjon gjer det naudsynt med endringar i dei næringsdrivandes

rekneskapssystem e.l., kan dei administrative kostnadane auke.

Fritaka vil òg føre med seg auka kostnader for avgiftsstyresmaktene, spesielt i samband med rettleiing av norske og utanlandske næringsdrivande, kontroll mv. Avklaring av avgiftsplikta kan dessutan føre med seg tidkrevjande saks- og klagebehandling.

Den vanskelegaste vurderinga både for Skatteetaten og verksemdene vert slik departementet ser det å vurdere arten og omfanget av eventuelle innslag av lyd, rørleg bilete og anna funksjonalitet. Ei avgrensing av fritaka til å gjelde tekst og stillbilete hadde gjeve eit vesentleg enklare regelverk å praktisere, men omsynet til at tilbydarane betre skal kunne utnytte potensialet som ligg i elektronisk publisering har fått gjennomslag framfor ei enklare regelteknisk løysing.

I innførselstilfella vil framlegget om fritak skapa nokre særskilde administrative utfordringar. Det gjeld særleg for næringsdrivande kjøparar og offentleg verksemd, som er ansvarleg for å berekne og innbetale utgåande meirverdiavgift ved innførsel av elektroniske tidsskrift og bøker. Det inneber at ein norsk næringsdrivande eller offentleg kjøpar må ta stilling til om publikasjonar kjøpt utanfor meirverdiavgiftsområdet oppfyller vilkåra for fritak, til dømes om vilkåret om abonnentsandel er oppfylt for eit elektronisk tidsskrift. Departementet legg til grunn at seljar eller utgjevar av tidsskrift som er omfatta av fritaket har eigeninteresse i å gjere kjøpar merksam på dette og gje kjøpar naudsynt dokumentasjon. Kjøpar kan elles måtte berekne meirverdiavgift på slike kjøp, jf. merverdiavgiftsloven § 15-10 andre ledd. Ved leveranse av elektroniske bøker eller tidsskrift til privatpersonar er det derimot den utanlandske tilbydaren som er ansvarleg for avgiftshandteringa og som følgjeleg må ta stilling til om eigen publikasjon kvalifiserer for fritak. Desse må gjere den same vurderinga som norske tilbydarar.

2.6 Iverksetjing

Departementet foreslår at lovendringane tek til å gjelde frå 1. juli 2019.

3 Eingongsavgift

3.1 Overgang til ny metode for måling av avgassar (WLTP)

For person- og varebilar vert eingongsavgifta berekna ut frå vekt og utslepp av CO₂ og NO_x. EU har over ei tid fasa inn nye reglar for måling av avgassar som skal leggest til grunn ved typegodkjenning av nye motorvogner. Dei nye reglane inneber mellom anna at det skal nyttast ein ny køyresyklus (Worldwide harmonized Light vehicles Test Procedure (WLTP)) ved målinga. Målinga gjev meir realistiske utsleppsverdiar enn den gamle New European Driving Cycle (NEDC), som no vert fasa ut. Dette får mellom anna konsekvensar for eingongsavgifta.

Dei nye reglane har vorte fasa inn gradvis. Frå 1. september 2017 har WLTP vorte nytta for nye typegodkjenningar av personbilar, og frå 1. september 2018 skal alle nye personbilar vere målte etter WLTP. For varebilar gjeld fristane eit år seinare. Fram til 2021 vil det òg verte fastsett CO₂-utslepp rekna etter NEDC for alle nye person- og varebilar. Regjeringa varsla hausten 2018 at NEDC-verdiar skal nyttast ved berekninga av CO₂-komponenten i eingongsavgifta for personbilar ut 2019, og at WLTP vil gjelde frå 1. januar 2020.

Det vert ikkje fastsett NO_x-utslepp etter NEDC for personbilar som er typegodkjende etter 1. september 2017. For denne komponenten nyttar ein difor den verdien som er tilgjengeleg når ein bereknar eingongsavgifta. Dette inneber at NO_x-utslepp målte etter ny køyresyklus vert lagt til grunn for alle personbilar som er typegodkjende etter 1. september 2017, sjå omtale i Prop. 130 LS (2016–2017). Tilsvarande vil gjelde for varebilar som er typegodkjente etter 1. september 2018.

Måling etter WLTP gjev gjennomgåande høgare CO₂-verdiar enn NEDC, og auken er i gjennomsnitt høgare for varebilar enn for personbilar. I JRC-rapporten «From NEDC to WLTP: effect on the type-approval CO₂ emissions of light-duty vehicles» utarbeida for EU-kommisjonen er anslaga på 21 pst. for personbilar og 30 pst. for

varebilar. Skilnaden skal mellom anna kome av at WLTP i større grad tek omsyn til potensiell last. Det same gjeld for campingbilar, sidan desse køyretøya normalt er bygde på varebilar eller lette lastebilar.

I Granavolden-plattformen heiter det at «Nye utslippsverdiar (WLTP) innføres provenynøytralt slik at den grønne omleggingen av engangsavgiften forsterkes.»

Regjeringa vil gjennomføre omlegginga til WLTP innanfor ei provenynøytral ramme. Då må satsane og innslagspunkta i eingongsavgifta justerast. Endringane vil i hovudsak gjerast innanfor CO₂-komponenten. Regjeringa vil kome attende til den konkrete gjennomføringa i budsjettet for 2020.

Bruktimporten utgjer ein stor del av dei køyretøya som vert registrerte i Noreg kvart år. Køyretøy som er godkjende før 1. september 2017 vil normalt berre verte testa etter NEDC og difor mangle WLTP-baserte CO₂-verdiar. For ikkje å favorisere dei bruktimporterte køyretøya må det takast omsyn til dette i eingongsavgifta. Regjeringa vil kome attende til dette.

For varebilane vert måling etter WLTP obligatorisk frå 1. september 2019. I 2019 vil det difor vere lite grunnlagsdata for å berekne korleis overgangen til WLTP vil slå ut i eingongsavgifta for varebilane. Dette gjer følgjene av overgangen til WLTP usikker, og med stor fare for uynskte utslag i avgiftslegginga av dei enkelte køyretøya. Regjeringa legg difor opp til å innføre WLTP-baserte CO₂-verdiar for varebilane i 2021. Dette inneber at NEDC-verdiane vil verte nytta til å fastsetje CO₂-komponenten i eingongsavgifta for varebilar og campingbilar ut 2020.

Det vil ikkje verte fastsett NO_x-utslepp etter NEDC for varebilar og campingbilar som er typegodkjende etter 1. september 2018. Ved berekninga av eingongsavgifta vil difor NO_x-utslepp målte etter ny køyresyklus verte lagde til grunn. NO_x-komponenten utgjer ein liten del av avgifta, og skilnadene i avgift grunna måling etter ulik køyresyklus vil vere tilsvarande små.

3.2 Fjerne eingongsavgift for køyretøy over 20 år

I Granavolden-plattformen står det at regjeringa vil «fjerne engangsavgift for biler over 20 år». Departementet gjer no framlegg om å fjerne eingongsavgift for køyretøy med alder over 20 år.

Eingongsavgift betaler ein fyrste gong eit køyretøy vert registrert i motorvognregisteret. Avgifta omfattar dei fleste typar motorvogner, med unntak av tunge lastebilar og bussar. For brukte motorvogner som vert importert, vert det gjeve eit prosentvis frådrag i avgifta basert på alderen til køyretøyet (bruksfrådrag). Motorvogner som er 30 år eller eldre, betaler ikkje eingongsavgift ut over vrakpantavgifta. Bruksfrådraget skal spegle det forventade fallet i verdien som er att i køyretøyet. Det skal mellom anna bidra til at eingongsavgifta ikkje verker inn på valet mellom å kjøpe eit brukt køyretøy innanlands eller importere frå utlandet. CO₂- og NO_x-komponentane gjev insentiv til å importere brukte køyretøy med låge utslipp.

Framlegget vil innebere at insentivet til å importere køyretøy med låge utslipp fell bort for køyretøy mellom 20 og 30 år. For køyretøy som er eldre enn 20 år, er bruksfrådraget særst høgt, frå 91 pst. til 95 pst., og attverande eingongsavgift for desse køyretøya er difor tilsvarende låg. Reglane om bruksfrådrag og fritaket for motorvogner som er 30 år eller eldre, gjeld alle køyretøy som er omfatta av eingongsavgifta. Framlegget om å fjerne eingongsavgifta for motorvogner over 20 år gjeld både bilar og andre køyretøygrupper, til dømes motorsyklar. Framlegget inneber at trinna i bruksfrådragstabellen for køyretøy over 20 år fell bort. Trinna for køyretøy opp til 20 år vert ikkje endra. Endringa inneber ei viss forenkling sidan det gjev færre køyretøy som må betale låg eingongsavgift og mindre administrasjon.

I 2018 vart det ifølgje tal departementet har motteke frå Opplysningsrådet for Veitrafikken AS importert 500–600 brukte køyretøy, i hovudsak bilar og motorsyklar, med fyrste registreringsår i perioden 1989–1998. Fjerninga av eingongsavgift vil gjere det gunstigare å importere køyretøy mellom 20 og 30 år. Det er å vente at det vil føre til nokre tilpassingar. Mellom anna vil truleg ein del køyretøy som med dagens reglar fyrst vert importert etter at dei vert 30 år, noe verte importerte tidlegare.

Endringane er anslått å gje eit årleg tap av proveny på om lag 10 mill. kroner. Tapet av proveny i 2019 er anslått til 5 mill. kroner påløpt og 4 mill. kroner bokført.

Departementet syner til framlegg om endring i Stortingets vedtak om avgift på motorvogner mv. A Engangsavgift for budsjetterminen 2019. Endringane vil tre i kraft 1. juli 2019 og gjelde køyretøy som oppnår 20 års registreringstid i 2019.

3.3 Lågare eingongsavgift for motorsyklar

Departementet gjer framlegg om å redusere eingongsavgifta for motorsyklar med om lag 10 pst.

For motorsyklar er eingongsavgifta basert på CO₂-utslepp og slagvolum. Framlegget inneber å redusere eingongsavgifta for motorsyklar gjennom ein kombinasjon av auka innslagspunkt i slagvolumavgifta og reduserte satsar. Slagvolumavgifta gjeld for motorsyklar med slagvolum over 125 cm³. Framlegget inneber ein auke av dette innslagspunktet til 225 cm³. Innslagspunktet for den høgare satsen for dei med slagvolum over 900 cm³ vert ikkje endra. Vidare inneber framlegget ei lette i alle satsane, både i slagvolumavgifta og CO₂-avgifta, på 4 pst. Framlegget inneber ei lette i eingongsavgifta for motorsyklar på om lag 10 pst. i gjennomsnitt. Endringane for den einskilde motorsykkelen avheng av kor stort slagvolum og CO₂-utslepp sykkelen har. Motorsyklar med låg avgift i dag får størst lette i prosent.

For motorsyklar utan registrert utslippsinformasjon, i hovudsak bruktimporterte motorsyklar, er eingongsavgifta basert på slagvolum og motoreffekt i tillegg til ei stykkavgift. Det vert gjort om lag tilsvarende endringar i avgifta for desse syklane som for motorsyklar med utslippsinformasjon.

Endringane er anslått å gje eit årleg tap av proveny på om lag 25 mill. kroner. Tapet av proveny i 2019 er anslått til 12 mill. kroner påløpt og 10 mill. kroner bokført.

Departementet syner til framlegg om endring i Stortingets vedtak om avgift på motorvogner mv. A Engangsavgift for budsjetterminen 2019. Endringane vil gjelde for motorsyklar som vert registrerte frå og med 1. juli 2019.

3.4 Rentekompensasjon ved refusjon av eingongsavgift ved eksport

EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) har i ei grunngeven fråsegn frå 3. oktober 2018 konkludert med at dei norske reglane om refusjon av eingongsavgift ved eksport av køyretøy er i strid med forbodet i artikkel 36 i EØS-avtala om restriksjo-

nar i den frie rørsla av tenester, og forbodet i artikkel 40 om restriksjonar i den frie rørsla av kapital.

Ved eksport av motorvogner som er eller har vore registrert i Noreg, vert deler av eingongsavgifta betalt tilbake. Refusjonen vert berekna etter dei satsane som gjeld når køyretøyet vert eksportert, med eit prosentfrådrag basert på tida som har gått mellom registrering og utførsel. Beløpet vil vere lik avgifta som må betalast dersom ei tilsvarende motorvogn vert registrert i Noreg for fyrste gong. For leie- og leasingkøyretøy er det opna for delvis innbetaling av eingongsavgift for den tida køyretøyet skal nyttast i Noreg. Dersom kontrakten vert avbroten og køyretøyet vert eksportert før tida, vert avgift for tida som står igjen på kontrakten refundert. Reglane om dette følgjer av forskrift 19. mars 2001 nr. 268 om engangsavgift på motorvogner kapittel VII.

I den grunnjevne fråsegna peikar ESA på at det ikkje vert rekna renter på eingongsavgifta som betalast tilbake når leasa, leigde og lånte motorvogner vert eksportert frå Noreg. Etter ESA si meining inneber dette at den som har stilt køyretøyet til disposisjon for bruk i Noreg, ikkje vert kompensert for likviditetsulempa ved å betale inn heile avgifta ved registrering. ESA byggjer sitt

syn på fleire dommar frå EU-domstolen om tilsvarende høve frå andre EU-land. Finansdepartementet har meldt til ESA at dei norske reglene vil verte lagt om i tråd med den grunnjevne fråsegna.

Dette vil verte gjort ved å gje reglene i skattebetalingsloven om godtgjersle av rente ved utbetaling etter vedtak om endring og ved eiga retting, verknad og ved tilbakebetaling av eingongsavgift ved eksport. Grunnlaget for berekninga vil vere refusjonsbeløpet slik det vert fastsett i dag, og renter vil verte gjevne for tida frå avgifta vart betalt og fram til forfall for utbetalinga. Rentesaen vil følgje den pengepolitiske styringsrenta. Dette er i tråd med det generelle systemet i skattebetalingsloven. Endringane vert avgrensa til å gjelde for leigde, leasa og lånte motorvogner. Det vil òg verte gjeve rente i høve der det er betalt eingongsavgift for ein fastsett periode, og avgift vert refundert av di motorvogna vert utført før den fastsette tida er over. Endringane vil verte gjennomførte i forskrift.

Endringane er anslått å gje særskilt avgrensa tap av proveny som ikkje endrar anslaget på inntektene frå eingongsavgifta for 2019.

4 Redusert alkoholavgift for små bryggjeri

Regjeringa gjer framlegg om å utvide gjeldande ordning om avgiftslette for øl frå små bryggjeri til òg å omfatte liknande alkoholhaldig drikke som til dømes sider og mjød.

For øl produsert av bryggjerier betalast i dag redusert alkoholavgift. Dette gjeld øl over 3,7 til og med 4,7 volumprosent alkohol. Formålet med ordninga er: «å betre rammevilkåra for næringa, ikkje å redusere prisen. Lågare avgift kan støtte ei utvikling mot meir desentralisert produksjon og eit breiare produktspekter.», jf. Prop. 86 LS (2017–2018) *Endringar i skatte-, avgifts- og tollvgivinga*. Den reduserte avgifta omfattar produksjon i Noreg og innførsel frå små bryggjeri i utlandet. Årleg tap av proveny som følgje av ordninga vart i Revidert nasjonalbudsjett 2018 anslått til om lag 15 mill. kroner.

Avgiftsregelverket for små bryggjeri var på høyring hausten 2017. I høyringa tok mellom anna Vin- og brennevinsleverandørenes forening (VBF) og Bryggeri- og drikkevareforening (BROD) til orde for at reglane inneber ulik behandling av like typar alkoholvarer. VBF meinte difor at avgiftsreduksjonen òg bør omfatte småskalaproduksjon av anna drikke enn øl, til dømes vin, sider og brennevin. BROD tok til orde for at endringa òg bør omfatte sider og mjød. Ifølgje BROD gjeld dette mikroskopiske volum og få produsentar, men ut i frå omsynet til lik behandling er det rimeleg at òg slik drikke vert omfatta av den reduserte avgifta.

For Skatteetaten kan redusert avgift på øl frå små bryggjeri i utlandet føre til utfordringar i sam-

band med kontroll, noko som er eit argument for ikkje å utvide ordninga til andre aktørar. Når det er etablert ei ordning med redusert alkoholavgift på øl produsert av små bryggjeri, er det likevel krevjande å forsvare at ordninga er avgrensa til øl og ikkje omfattar andre liknande alkoholholdige drikkevarer utan tilsett alkohol, slik som til dømes sider og mjød i intervallet over 3,7 til og med 4,7 volumprosent alkohol.

Redusert avgift på øl produsert av små bryggjeri er vurdert som foreinleg støtte etter EØS-avtalen, jf. Rådskonferens 92/83/EF. Direktivet som opnar for liknande avgiftsreduksjon i EU, er i dag avgrensa til øl, men er foreslått utvida til å omfatte sider. EØS-rettsleg er det eventuelt ikkje noko i vegen for å gjere liknande utviding for same alkoholvarer som i EU no.

Det er grunn til å tru at volumet for småskalaproduksjon av sider og mjød eller liknande er relativt lite, og at provenyverknadane difor er tilsvarende små. Årleg tap av proveny som følgje av framlegget er på svært usikkert grunnlag anslått til om lag 1 mill. kroner. Dersom endringa trer i kraft 1. juli, kan ein på svært usikkert grunnlag anslå tapet av proveny til om lag 0,5 mill. kroner påløpt og bokført i 2019.

Departementet syner til framlegg om endring i Stortingets vedtak om avgift på alkohol frå 1. juli 2019. Gjeldande ordlyd om at avgiftsletta gjeld for små bryggjeri med årleg produksjon under 500 000 liter er foreslått fjerna i vedtaket og vil i staden verte fastsett i forskrift. Denne endringa har difor inga realitetstyding.

5 Elavgift for elektrisk kraft til utvinning av kryptovaluta

Stortinget vedtok i statsbudsjettet for 2019 at elektrisk kraft som vert levert til utvinning av kryptovaluta i eit datasenter, ikkje skal omfattast av redusert elavgift, jf. Innst. 3 S (2018–2019) kap. 13.6. Redusert elavgift til datasentre skal elles vidareførast uendra slik som i dag. Stortinget føresette at Finansdepartementet utarbeidde framlegg til avgrensingar og gjennomføring, og at framlegg vart sendt på høyring med sikte på iverksetjing 1. mars 2019. Departementet vart gjeve fullmakt til å fastsetje endeleg tid for iverksetjing.

Finansdepartementet og Skattedirektoratet har motteke fleire innspel til endringa frå næringa. Det er viktig å få innspel slik at framlegg vert utforma best mogleg i høyringa. Omsyna til både etterleving og kontroll bør skje på best mogleg vis. Det har difor vore naudsynt å bruke noko meir tid på framlegget i høyringa enn det Stortin-

get føresette i budsjettinnstillinga. Finansministeren opplyste om dette i Dokument nr. 15:924 (2018–2019) med svar på skrifteleg spørsmål frå stortingsrepresentant Åsunn Lyngedal.

Saka er klar for høyring om kort tid. I høyringa vil det verte føresett at endringar må avklarast med EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) før iverksetjing, jf. regelverket om offentleg støtte.

I saldert statsbudsjett for 2019 er det lagt til grunn at ordinær sats for elavgift for kraft til utvinning av kryptovaluta frå 1. mars 2019 vil auke avgiftsinntekta med om lag 13 mill. kroner påløpt og 10 mill. kroner bokført i 2019. Dersom godkjenning frå ESA ikkje ligg føre i 2019 vil det innebære eit tap av proveny på 13. mill. kroner påløpt og 10 mill. kroner bokført i 2019 samanlikna med saldert budsjett.

6 Justeringar i reglane for skattlegging som ektefellar

6.1 Innleiing og samandrag

Som ledd i regjeringa sitt arbeid med forenklingar i skatte- og avgiftsregelverket har departementet vurdert moglege forenklingar i reglane om skattlegging av ektefellar. Fleire av reglane om skattlegging av ektefellar er vanskelege å forstå for skattytarar og er samstundes administrativt krevjande for Skatteetaten. Ei utfordring ligg i at formuen og inntektene til ektefellane heilt eller delvis skal leggjast saman før endeleg skatt vert fastsett, og at ein i nokre tilfelle må vurdere gunstigaste skattemåte manuelt. Ein har òg særlege unntak og andre fristar enn i skatteloven elles. Det gjer at manuell behandling ofte er naudsynt. Vidare skapar reglane i mange høve uvisse og behov for rettleiing til skattytarane. Etter opphevinga av skattekasse 2 frå og med inntektsåret 2018, betyr nokre reglar for skattlegging som ektefellar ikkje lenger noko i praksis. Samstundes har ein dei seinare åra innført fleire skattereglar som byggjer på individuell fastsetjing. Det gjer ei vurdering av gunstigaste skattemåte for ektefellar mindre aktuell. Auka digitalisering inneber òg at ein i nokre av reglane kan leggje betre til rette for automatisk behandling i Skatteetaten sine system.

På denne bakgrunnen gjer departementet framlegg om enkelte justeringar og oppdateringar av reglane om skattlegging av ektefellar. Endringane gjer reglane enklare å forstå for skattytarane og betre tilpassa automatisk behandling i Skatteetaten.

Departementet gjer framlegg om å oppheve hovudregelen om at ektefellar skal verte skattlagde under eitt for alminneleg inntekt, sidan denne ikkje lenger har nokon praktisk verknad. Etter opphevinga av skattekasse 2 vert ektefellar alltid skattlagde særskild for alminneleg inntekt fordi dette no alltid løner seg.

Departementet gjer vidare framlegg om å endre tidspunktet for når skattlegging som ektefellar tek til å gjelde til utgangen av 31. desember året før inntektsåret. Fristen vert då ved årsskiftet som i skatteloven elles. Etter gjeldande reglar vert berre dei som har inngått ekteskap innan utgangen av 31. oktober skattlagde som ektefellar frå

det etterfølgjande inntektsåret. Meir effektiv handtering av informasjon gjer at Skatteetaten ikkje lenger treng tida fram til årsskiftet for utskrivning av skattekort og fastsetjing av skattemanntal. Ein frist ved årsskiftet kan behandlast automatisk, og er enklare å forstå for skattytarane.

Departementet gjer i tillegg framlegg om å endre tidspunktet for fastsetjing av skattestad frå 1. november året før inntektsåret til utgangen av 1. januar i inntektsåret. Med det vidarefører ein dagens samordning med reglane for skattlegging av ektefellar, og reglane vert samstundes betre tilpassa automatisk behandling og den faktiske bustaden til kvar tid.

Departementet vil òg gjere framlegg om å oppheve unntaket som gjer det mogleg å krevje skattlegging som ektefellar allereie eitt år tidlegare enn hovudregelen. Unntaket gjeld dersom ektefellane har stifta felles heim innan utgangen av inntektsåret dei giftar seg. Unntaket er lite nytta, og ein antar at det vert enda mindre brukt etter at skattekasse 2 vart oppheva. Då det i dag er vanleg at ektefellar allereie bur saman når dei giftar seg, fjernar ein òg ei føresegn som ville vore svært administrativt krevjande for Skatteetaten å praktisere.

Vidare gjer departementet framlegg om at ektefellar ikkje lenger skal reknast å leve «varig adskilt» sjølv om ein av ektefellane har langvarig opphald eller er bustadsregistrert på institusjon i folkeregisteret. Etter framlegget skal desse ektefellane no alltid verte skattlagde som ektefellar, og ikkje individuelt.

Gjennom skatteloven § 2-16 får desse endringane i reglane for skattlegging av ektefellar tilsvarende verknad for meldepliktige sambuarar.

Framlegga til endringar som er nemnde ovanfor, vil gje klårare reglar og føre til forenklingar både for skattytarane og for Skatteetaten. Endringane skal gjelde frå 2020, men vert fremja allereie i revidert Nasjonalbudsjett, slik at Skatteetaten skal få høve til å gjere dei naudsynte endringane i sine system fram til årsskiftet. Departementet legg til grunn at endringane ikkje vil ha nemneverdige verknader for provenyet.

Departementet syner til framlegg til endringar i skatteloven § 2-10, § 2-11, § 2-12, § 3-1 og § 3-4, og i inndelingslova § 12. Ein legg opp til at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2020.

6.2 Vurderingar og framlegg

6.2.1 Oppheving av regel om skattlegging av alminneleg inntekt under eitt for ektefellar

Av skatteloven § 2-10 går det fram at ektefellar alltid vert skattlagde under eitt for formue. Skattlegging under eitt er òg hovudregelen for alminneleg inntekt. Etter skatteloven § 2-11 andre ledd vert alminneleg inntekt likevel skattlagt særskild dersom det gjev same eller lågare samla skatt for ektefellane.

Etter at skatteklasse 2 vart oppheva i 2018, er det ingen tilfelle der skattlegging av alminneleg inntekt under eitt løner seg. Dette inneber at ein i praksis alltid skattlegg ektefellar særskild for alminneleg inntekt. Hovudregelen om samskattlegging av alminneleg inntekt har difor ikkje lenger praktisk verknad og ein bør endre dette for å få betre samsvar mellom lovtekst og faktisk regel. Departementet legg til grunn at dette vil vere med å gjere reglane meir forståelege.

Departementet gjer difor framlegg om at regelen om skattlegging av alminneleg inntekt under eitt vert oppheva, slik at det går fram av lova at ektefellar alltid vert skattlagde særskild for alminneleg inntekt. Dette skal ikkje medføre nokon endringar i reglane om skattlegging av ektefellar sin inntekt elles. Underskot som ein ektefelle har, skal framleis kome til frådrag i den andre ektefellen sin inntekt same år. Vidare skal ektefellar framleis ha rett til å fordele visse inntekter, kostnader og gjeld seg i mellom. Ein endrar heller ikkje på reglane om skattlegging av formue under eitt.

Endringa vil ikkje ha verknader for provenyet.

Departementet syner til framlegg til endringar i skatteloven § 2-10 og § 2-11.

6.2.2 Endra tidspunkt for når skattlegging som ektefellar tek til å gjelde

Etter skatteloven § 2-12 fyrste ledd bokstav a tek skattlegging som ektefellar til å gjelde frå inntektsåret etter det året ein har inngått ekteskap. Dette gjeld likevel berre for dei som har inngått ekteskap innan utgangen av 31. oktober. Dei som har inngått ekteskap etter 31. oktober og fram til

31. desember, vert fyrst skattlagde som ektefellar det andre inntektsåret etter det året ekteskapet vert inngått.

Grunnen til at fristen for skattlegging som ektefellar har vore 31. oktober, er for å gje Skatteetaten høveleg tid til forskotsutskrivninga og for å gje samordning med tidspunktet for fastsetjing av skattestad etter skatteloven § 3-1 og § 3-4.

Med dagens effektive system for forskotsutskrivning er det ikkje lenger naudsynt med ein romsleg frist før årsskiftet. Departementet foreslår difor at tidspunktet vert sett til utgangen av 31. desember, slik at alle som inngår ekteskap innanfor eit inntektsår, vert skattlagde som ektefellar allereie det etterfølgjande inntektsåret. Ein frist ved årsskiftet gjer det mogleg å ta omsyn til alle hendingar innanfor eit inntektsår og høver òg betre med fristane i skatteloven elles. Vidare er ein slik frist betre eigna for automatisk behandling av skattefastsetjinga, i motsetnad til gjeldande frist, som må behandlast manuelt. Ein frist ved årsskiftet vil òg vere forståeleg og enklare å halde seg til for skattytarar. Ei endring av tidspunkt for skattlegging som ektefellar frå 31. oktober til 31. desember vil ikkje ha verknader for provenyet.

Departementet syner til framlegg til endringar i skatteloven § 2-12.

6.2.3 Endra tidspunkt for å fastsetje skattestad for personleg skattytar

Skatteloven § 3-1 fyrste og andre ledd slår fast at personleg skattytar skal betale skatt til bustadskommunen, det vil seie den kommunen der skattytar har sin bustad ved utgangen av 1. november i året før inntektsåret. Tilsvarende tidspunkt gjeld for utanlandsk skattytar med avgrensa skatteplikt, jf. skatteloven § 3-4 andre ledd.

Departementet foreslår at tidspunktet vert sett til utgangen av 1. januar i inntektsåret. Dette inneber at fastsetjing av skattestad kan skje fram til inntektsåret startar, og vil passe betre med dei reelle forholda og systemet i skatteloven. Det gjev òg betre samordning med den foreslåtte endringa av tidspunktet for skattlegging som ektefellar. Med dette framlegget vil alle som flyttar, få den nye bustaden lagt til grunn frå året etter.

Ei endring til utgangen av 1. januar i inntektsåret vidarefører skilnaden på eitt døgn mellom tidspunktet for skattlegging som ektefellar og tidspunktet for skattestad som følgjer skatteloven i dag. Denne skilnaden har ikkje gjeve praktiske utfordringar. I tillegg vil ei endring til utgangen av 1. januar samsvare med tidspunktet for fastsetjing

av skattekommune ved samanslåing eller deling av kommunar etter inndelingslova § 12.

Den foreslåtte endringa har konsekvensar for kven som vert rekna som busett i den såkalla tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms. Desse har rett på lågare skattesats og særskilt frådrag i alminneleg inntekt, jf. Stortingets skattevedtak §§ 3-1 og 3-2 og skatteloven § 15-5. Etter gjeldande tidspunkt for skattestad, beheld personar som flyttar ut av tiltakssona mellom 2. november og 31. desember skattefordelane det kommande inntektsåret, medan dei som flyttar inn i tiltakssona i same tidsrom fyrst har krav på fordelane det andre året etter innflyttinga. Ei endring av tidspunktet for skattestad til 1. januar inneber at slike personar vert rekna som flytta inn og ut av tiltakssona allereie året etter flytteåret.

Etter departementet si vurdering er ikkje desse konsekvensane for busette i tiltakssona ei ulempe. Dette framlegget inneber at personane vert skattlagde etter dei skattereglane som følgjer den faktiske bustaden til kvar tid. Tal frå 2018 viser at talet på personar som melde flytting til og frå tiltakssona i denne perioden var tilnærma likt. Dette tilseier at endringa til 1. januar i inntektsåret, vil verke om lag provenynøytralt.

Den foreslåtte endringa gjev kortare tid til fastsetjing av skattemanntal. Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Skattedirektoratet og Statistisk sentralbyrå, som er brukarar av skattemanntal, har opplyst at dette ikkje skapar nokon problem.

Ei endring av tidspunkt for skattestad til utgangen av 1. januar i inntektsåret inneber at ein kan oppheve inndelingslova § 12 fjerde ledd. Denne føresegna er ein konsekvens av at gjeldande tidsfrist i skatteloven er 1. november.

Departementet legg til grunn at talet på personar som flyttar til og frå ulike kommunar i tidsrommet mellom 2. november før inntektsåret og 1. januar i inntektsåret, er tilnærma lik. Endra tidspunkt for skattestad vil difor ikkje verke nemneverdig inn på kommunane sitt skatterekneskap. Vidare legg departementet til grunn at endringane vil vere provenynøytrale. Departementet syner til framlegg til endringar i skatteloven § 3-1 og § 3-4, og inndelingslova § 12.

6.2.4 Oppheving av særleg unntak for nygifte som har stifta felles heim

I skatteloven § 2-12 bokstav a andre punktum finst det eit særleg unntak frå hovudregelen om når skattlegging som ektefellar tek til å gjelde. Etter denne føresegna kan den ektefellen med lågast

alminneleg inntekt, krevje at skattlegging som ektefellar skal skje allereie i ekteskapsåret dersom ektefellane «har stiftet felles heim før utløpet av inntektsåret». Det er ein føresetnad at ektefellen aktivt krev tidlegare skattlegging som ektefellar enn etter hovudregelen. Unntaket kompliserer reglane om når skattlegging som ektefellar tek til å gjelde.

Då føresegna vart innført i 1955, var den opphøveleg meint å gje ektefellar nytte av felles klassefrådrag i dei tilfella der ein ektefelle hadde for låg eller ingen inntekt til sjølv å utnytte frådrag i ekteskapsåret. Med opphevinga av skatteklasse 2 har grunngevinga for unntaket falle bort. Etablering av «felles heim» innan utgangen av inntektsåret er heller ikkje eit faktisk unntak i dag. No er det meir vanleg at ektefellar flyttar samen før eller rett etter at dei har gifta seg. Dersom alle med felles heim i året dei gifter seg skulle nytta seg av unntaket, ville skattlegging som ektefellar i ekteskapsåret vere hovudregelen framfor unntaket. For 2017 viser anslag at om lag 700 personar nytta seg av unntaket for å få fastsett skatt i skatteklasse 2. Departementet legg til grunn at bruken av unntaksføresegna vil verte redusert monaleg etter opphevinga av skatteklasse 2 i 2018.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å oppheve unntaksføresegna i skatteloven § 2-12 bokstav a andre punktum. Ei oppheving verkar framover i tid, og inneber at dei som inngår ekteskap frå 2020, ikkje lenger kan krevje skattlegging som ektefellar eitt år tidlegare enn hovudregelen. Desse får fyrst eventuelle fordelar av underskotsamordning og skattlegging under eitt av formue frå inntektsåret etter ekteskapsåret, slik det er for det store fleirtalet av ektefellar i dag. Opphevinga gjer at ein får eit klårt tidspunkt for når skattlegging som ektefellar tek til å gjelde for alle ektefellar. Det inneber ei forenkling og klårgjering av regelverket. Opphevinga fjernar òg ei potensielt stor administrativ belastning for Skatteetaten, fordi skattlegging etter unntaksføresegna vert behandla manuelt.

Ei oppheving av skatteloven § 2-12 bokstav a andre punktum inneber at ein òg må oppheve skatteloven § 3-1 tredje ledd. Denne føresegna er ei særregulering av skattestad for ektefellar som vert skattlagde i tråd med unntaket i skatteloven 2-12 bokstav a andre punktum.

Departementet legg til grunn at det er relativt få ektefellar som har nytta unntaket. Ei oppheving vil difor ha ubetydelege verknader for provenyet.

Departementet syner til framlegg til endringar i skatteloven § 2-12 og § 3-1.

6.2.5 Endring som gjeld ektefelle med bustad på institusjon

Etter skatteloven § 2-12 fyrste ledd bokstav b vert ektefellar som ved utgangen av inntektsåret var «separert eller levde varig adskilt», ikkje lenger skattlagde som ektefellar. Ektefellane vert i utgangspunktet rekna å «leve varig adskilt» viss ein av ektefellane har langvarig opphald eller er bustadsregistrert på ein institusjon etter folkeregisterforskriften § 5-1-7. For desse tilfella har det utvikla seg ein praksis for at dei likevel vert skattlagde som ektefellar, dersom det gjev lågare samla skatt.

Endringar i forskrift til folkeregisterloven § 5-1-7 medfører at ein ektefelle som flyttar på institusjon, normalt skal vere bustadsregistrert i tidlegare felles bustad med ektefellen. Desse ektefellane vil såleis berre i unntakshøve oppfylle vilkåret om å «leve varig adskilt». I tillegg inneber opphevinga av skatteklasse 2 for einsleg forsørgjar, og innføringa av individuell fastsetjing av skatteavgrensing ved låg alminneleg inntekt for ektefellar, at det no vil løne seg for det store fleirtalet av slike ektefellar å verte skattlagde som ektefellar, og ikkje individuelt.

Departementet foreslår difor at ektefellar ikkje lenger skal reknast å leve «varig adskilt» sjølv om ein av ektefellane har langvarig opphald eller er bustadsregistrert på institusjon etter folkeregisterforskriften § 5-1-7. Etter framlegget skal desse ektefellane no alltid verte skattlagde som ektefellar, og ikkje individuelt. Endringa gjer at Skatteetaten ikkje lenger skal vurdere kva slags skatteform som løner seg for desse ektefellane.

Departementet er klar over at individuell skattlegging framleis kan vere tenleg for ein ektefelle som krev skjønsmessig skatteavgrensing ved lita skatteevne, jf. skatteloven § 17-4, jf. § 17-2 andre ledd. Skjønsmessig skatteavgrensing vart lukka for nye søkarar frå og med inntektsåret 2018, og dette vil difor berre vere eit spørsmål for dei som allereie har rett på slik skatteavgrensing. For å unngå at desse kjem dårlegare ut som følgje av endringa knytt til bustad på institusjon, må ein i behandlinga av desse søknadene framleis vurdere kva skatteform som løner seg, dersom ein av dei er bustadsregistrert på institusjon. Departementet legg til grunn at dette kan skjje som ledd i skjønnet som Skatteetaten skal gjere etter skatteloven § 17-4, jf. § 17-2 andre ledd, utan at det vert nedfelt i loven.

Individuell skattlegging kan òg vere tenleg for ein ektefelle som krev særfrådrag for lettare nedsett ervervsevne, jf. skatteloven § 6-82. Dersom ein av ektefellane er bustadsregistrert på institusjon, meiner departementet at ein i heilskapsvurderinga i høve til dette frådraget, må ta omsyn til korleis den økonomiske situasjonen ville vore ved skattlegging av ektefellane kvar for seg. Departementet legg til grunn at Skatteetaten kan ta omsyn til dette i heilskapsvurderinga etter § 6-82 utan lovendring.

Departementet legg til grunn at dei foreslåtte endringane ikkje vil ha verknader for provenyet.

Departementet syner til framlegg til endringar i skatteloven § 2-12.

6.3 Administrative og økonomiske følgjer

Framlegga om justeringar i skattlegging av ektefellar vil gje klårare reglar og føre til forenklingar både for skattytarane og for Skatteetaten. For skattytarane vil det vere klårgjerande at skatteloven gjev uttrykk for den faktiske hovudregelen om særskild skattlegging av alminnelige inntekt for ektefeller. Det vil òg vere ein forenkling at fristen for skattlegging som ektefellar i alle tilfelle vert sett ved årsskiftet. Klårare og enklare reglar lettar òg Skatteetaten sitt arbeid med informasjon om regelverket. Vidare vil endra frist for når skattlegging som ektefellar tek til å gjelde, spare ressursar i Skatteetaten. Den foreslåtte fristen ved årsskiftet er betre eigna for automatisk behandling. Samstundes fjernar opphevinga av ein eigen frist for nygifte som har stifta felles heim eit unntak som er ressurskrevjande for etaten, fordi det føreset manuell behandling. Endringane krev tilpassingar i Skatteetaten sine system.

Departementet legg til grunn at dei foreslåtte endringane ikkje vil ha nemneverdige verknader for provenyet.

6.4 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2020.

7 Endring av skatteloven § 2-40

7.1 Innleiing og samandrag

Etter skatteloven § 2-30 er Noregs Bank friteken for skatt. Datterselskap av Noregs Bank som høyrer heime i Noreg, er i utgangspunktet skattepliktige hit. Frå 2017 vart det innført fritak for skatt for norske aksjeselskap som direkte eller indirekte, er eigde fullt ut av Noregs Bank. Fritaket gjeld skatt på passive inntekter frå investeringar etter lov om Statens pensjonsfond utland (SPU), jf. skatteloven § 2-40.

Slik føresegna lyd gjeld fritaket «aksjeselskaper». Departementet ynskjer å gjere det klårt at fritaket ikkje berre gjeld aksjeselskap skipa etter norsk aksjelovgivning, men òg omfattar selskap skipa i utlandet når dei høyrer heime i Noreg. Det er ein føresetnad at slike selskap svarer til norske aksjeselskap.

Departementet legg òg fram forslag om å føye til ei overskrift til skatteloven § 2-40 der det kjem fram at føresegna gjeld avgrensing av skatteplikt for visse selskap eigd av Noregs Bank.

Framlegga vil ikkje ha administrative følgjer eller verknader for provenyet.

Departementet syner til framlegg til endring av skatteloven § 2-40 og ny overskrift til føresegna.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

7.2 Gjeldande rett

Aksjeselskap og andre sjølvstendige innretningar som høyrer heime i Noreg er skattepliktige hit, jf. skatteloven § 2-2 fyrste ledd. Noregs Bank er eit eige rettssubjekt, som er eigd av staten, jf. § 2 i lov om Norges Bank og pengevesenet mv. Etter skatteloven § 2-30 fyrste ledd bokstav e nr. 1 er Noregs Bank friteken for skatt. Andre statseigde selskap er skattepliktige dersom det ikkje er gitt føresegner om noko anna.

Ei særskilt føresegn om fritak for statseigde selskap er gitt i skatteloven § 2-40. Etter føresegna

er aksjeselskap som direkte eller indirekte er eigde fullt ut av Noregs Bank, fritekne for skatt på inntekt frå kapital som vert forvalta i SPU, jf. lov om Statens pensjonsfond utland § 2, andre ledd andre punktum. Fritaket gjeld skatt på passive inntekter frå slike investeringar.

7.3 Vurderingar og framlegg

Slik skatteloven § 2-40 lyd gjeld fritaket «aksjeselskaper». Ordlyden kan etterlate seg ein viss tvil om fritaket berre gjeld for aksjeselskap skipa etter norsk aksjelovgivning eller om fritaket òg omfattar selskap skipa i utlandet som svarer til aksjeselskap skipa etter norsk rett som høyrer heime i Noreg.

Av forarbeida til skatteloven § 2-40 går det fram at ein ynskja å oppnå at «(...) norske selskap som er direkte eller indirekte eigde fullt ut av Noregs Bank, skal vere fritekne for skatt på inntekter frå investeringar etter lov om Statens pensjonsfond.», jf. Prop. 130 LS (2016–2017) kapittel 6.

Dette tilseier at òg selskap skipa i utlandet som er skattepliktig til Noreg, bør vere omfatta av fritaket når dei elles oppfyller vilkåra i føresegna.

For å gjere det klårt at føresegna òg er meint å omfatte slike selskap gjer departementet framlegg å endre ordlyden i skatteloven § 2-40. Departementet syner til framlegg om endring av ordlyden i § 2-40. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

Etter systematikken i skatteloven har kvar einskild føresegn ei overskrift som skal angje hovudinnhaldet i føresegna. Skatteloven § 2-40 vart vedteken utan overskrift. Departementet legg fram forslag om å føye til ei overskrift der det kjem fram at føresegna gjeld avgrensing av skatteplikta for visse selskap eigd av Noregs Bank. Departementet syner til framlegg om ny overskrift til skatteloven § 2-40.

7.4 Administrative og økonomiske følger

Endringane vil ikkje ha administrative følger eller verknader for provenyet.

7.5 Iverksetjing

Departementet gjer framlegg om at endringane tek til å gjelde straks.

8 Endringar i reglane om renter på restskatt

8.1 Innleiing og samandrag

Skattebetalingsloven har ei fråsegn om at skattytaren kan unngå restskatt med rentetillegg om han eller ho betaler inn tilleggsforskot innan 31. mai i skattefastsetjingsåret. Fråsegna byggjer på ein føresetnad om at skatteoppgjeret er ferdigstilt etter denne datoen, sidan det ikkje er mogleg å betale forskot på skatt etter at skatteoppgjeret ligg føre.

Frå og med våren 2020 vil dei fleste skattytarane få skatteoppgjeret før 31. mai. Fristen for å betale tilleggsforskot vert då kortare enn i dag. Etter Finansdepartementet sitt syn bør det likevel framleis vere slik at skattytaren kan sleppe rentetillegg om han eller ho betaler skatten innan 31. mai. Departementet foreslår difor at det ikkje vert berekna rentetillegg når skattytaren betaler innan 31. mai i skattefastsetjingsåret.

Framlegget har ikkje verknader for provenyet, og høyringsinstansane har gjennomgåande vore positive til endringane.

Departementet syner til framlegg om endringar i skattebetalingsloven §§ 4-7 og 11-5.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde frå 1. januar 2020 med verknad for skatteoppgjeret for inntektsåret 2019.

8.2 Bakgrunn og gjeldande rett

Personlege skattytarar får i dag den førehandsutfylte skattemeldinga for formues- og inntektsskatt i april i skattefastsetjingsåret, altså i året etter inntektsåret. Skattemeldinga gjev skattytarane ein førebels oversikt over inntekter, frådrag, formue og gjeld. Det følgjer òg med ei førebels berekning av skatt som viser om skattytarane vil få skatt til gode eller om det vert fastsett restskatt.

Fristen for å levere skattemeldinga er innan utgangen av april for lønstakare mv., og innan utgangen av mai for sjølvstendig næringsdrivande. Når skattytarane leverer skattemeldinga, fastset dei òg grunnlaget for berekning av formues- og inntektsskatt.

Dei fleste skattytarane får skatteoppgjeret i juni. Skatteoppgjeret gjev skattytaren ein endeleg oversikt over om han eller ho får til gode skatt eller restskatt. Forut for skatteoppgjeret har skattestyresmaktene gjennomført ei avrekning der det beløp skattytaren har betalt i forskot på skatt, har kome til frådrag i skatten som er fastsett. Dersom avrekninga viser at forskotet overstig den fastsette skatten, får skattytaren utbetalt det overskytande beløpet (til gode skatt). Beløpet vert utbetalt eit par veker seinare. Dersom forskotet er lavere enn den fastsette skatten, får skattytaren restskatt.

Eit rentetillegg vert lagt til restskatten, jf. skattebetalingsloven § 11-5. For personlege skattytare vert rentetillegget berekna frå 1. juli i inntektsåret og fram til forfallsfristen for fyrste termin av restskatten. Rentetillegget vert lagt til fordi skattytaren har hatt ein økonomisk fordel ved å disponere over beløpet i tida fram til betalinga. Rentetillegget vert berekna med ein rentesats tilsvarende Norges Banks pengepolitiske styringsrente per 1. januar det aktuelle året, redusert med 22 pst.

Som nemnt skal beløpet som er betalt som forskot på skatt, inngå i avrekninga som vert gjennomført før skatteoppgjeret. Forskotet består av fleire delar.

For det fyrste består forskotet av forskotstrekk og forskotsskatt som skattytarane har *plikt* til å betale. Arbeidsgjevarane skal utføre forskotstrekk i lønsutbetalingar mv. til skattytarane. Skattytarane skal sjølv betale inn forskot av ytingar som det ikkje vert utført forskotstrekk i. Reglane om forskotstrekk og forskotsskatt er basert på eit prinsipp om at forskotet skal betalast fortløypande utover i inntektsåret, og at forskotet skal svare til den skatten som vert fastsett.

For det andre består forskotet av tilleggsforskot. Med tilleggsforskot meiner ein forskot på skatt som skattytaren betaler inn *frivillig* dersom det ordinære forskotet ikkje er tilstrekkeleg til å dekkje skatten som vert fastsett. Høvet til å betale tilleggsforskot er regulert i skattebetalingsloven § 4-7 som lyder:

«Forskudd på skatt kan innbetales med høyere beløp enn det som er utskrevet når det utskrevne forskudd må antas å bli utilstrekkelig til dekning av den skatt som vil bli fastsatt. Slik innbetaling kan foretas også etter utløpet av inntektsåret, men ikke senere enn 31. mai i skattefastsettingsåret.»

Tilleggsforskotsordninga nyttes typisk av skattyttarar som får skattemelding med ein førebels berekning som viser at dei vil få restskatt. Desse skattyttarane kan unngå at det vert berekna rente

om dei betaler beløpet som tilleggsforskot innan 31. mai i staden for som restskatt etter at skatteoppgjeret er ferdig.

For skattestyresmaktene er tilleggsforskotsordninga eit viktig og effektivt innkrevjingstiltak. Det er betre at skattyttarane betaler skatten frivillig enn at skattestyresmaktene må bruke ressursar på å krevje den inn.

Statistikk for årene 2010 til 2017 viser at det kvart år vert betalt inn eit relativt stort beløp via tilleggsforskotsordninga, og at ordninga nyttes av mange skattyttarar:

Inntektsår	Beløp (i mill. kroner)	Antall innbetalningar
2017	15 408	180 246
2016	15 710	196 249
2015	21 622	203 505
2014	13 539	220 572
2013	12 523	217 163
2012	12 460	238 359
2011	13 315	249 546
2010	13 065	242 011

8.3 Høyringa

Eit framlegg om at det ikkje skal reknast renter på restskatt som skattyttaren betaler innan 31. mai i skattefastsetjingsåret, vart sendt på høyring 10. desember 2018. Frist for å kome med innspel vart sett til 10. mars 2019.

Høyringsframlegga vart sende til 41 instansar. 13 høyringsinstansar har gitt tilbakemelding. Høyringsinstansane er gjennomgåande positive til framleggjet.

8.4 Vurderingar og framlegg

Finansdepartementet har som mål at skattyttarane skal få skatteoppgjeret sitt så tidleg som mogleg. Det vil mellom anna føre til at skattyttare som har skatt til gode, vil få dette beløpet utbetalt tidlegare enn i dag.

Skatteetaten arbeider for tida med eit IT-prosjekt (SIRIUS-prosjektet). Prosjektet vil føre til at den førehandsutfylte skattemeldinga vert tilgjengeleg for skattyttarane på eit tidlegare tidspunkt enn i dag. Etter at skattemeldinga er tilgjengeleg, vil skattyttarane fortlaupande ha høve til å levere skattemeldinga, og skatteoppgjeret vil som hovud-

regel vere ferdig rett etter leveringa. I praksis tyder dette at mange skattyttarar i framtida vil få skatteoppgjeret langt tidlegare enn i dag. Som i dag vil tilgodebeløpet verte utbetalt eit par veker etter at skatteoppgjeret er ferdigstilt.

SIRIUS-prosjektet skal etter planen gjennomførast i perioden 2018–2021. Skatteetaten vil likevel vere i stand til å gi skattyttarane eit tidlegare skatteoppgjere allereie før SIRIUS-prosjektet er fullført. Frå og med våren 2020 vil dei fleste skattyttarane få skatteoppgjeret før 31. mai i skattefastsetjingsåret.

Dagens regel om at skattyttarane kan betale tilleggsforskot frem til 31. mai tek ikkje høgde for at skatteoppgjeret er ferdigstilt før dette tidspunktet. Skatt som i framtida vert betalt inn i perioden frå skatteoppgjeret er ferdigstilt og fram til 31. mai, vil ikkje vere tilleggsforskot i lovens forstand, men betaling av restskatt. Betaling av restskatt gjev ikkje skattyttarane den positive renteverknaden som dei får ved å betale tilleggsforskot.

I praksis tyder dette at skattyttare som får skatteoppgjeret før 31. mai, vil få innskrenka tilgjengeleg til å betale tilleggsforskot samanlikna med det som gjeld i dag. Dette er ein utilsikta verknad av ordninga med tidleg skatteoppgjere. Det kan òg føre til at skattyttarane ikkje nyttar seg av tilgjenge-

get til å levere skattemeldinga tidleg i så stor grad som ynskjeleg.

Omsynet til skattytarane tilseier etter departementet si vurdering at dei bør sleppe rentetillegg dersom dei betaler skatten innan 31. mai, sjølv om skatteoppgjeret er ferdigstilt før denne dato. Som nemnt i punkt 8.2 er det òg ein fordel for skattestyresmaktene at skatten vert betalt frivillig i staden for at dei må krevje den inn ved tvang. Departementet foreslår difor ei fråsegn i skattebetalingsloven § 11-5 fyrste ledd nytt fjerde punktum, om at det ikkje skal bereknas rentetillegg av restskatt som vert betalt innan 31. mai i skattefastsetjingsåret.

Fråsegna i skattebetalingsloven § 11-5 fyrste ledd nytt fjerde punktum må sjåast i samanheng med fråsegna om tilleggsforskot i skattebetalingsloven § 4-7. Til saman inneber dei to fråsegna at all betaling av skatt før 31. mai i skattefastsetjingsåret, fører til at skattytaren slepper rentetillegg. Dersom betalinga skjer før skatteoppgjeret er ferdig, er betalinga eit tilleggsforskot etter § 4-7. Dersom betalinga skjer etter at skatteoppgjeret er ferdig, er betalinga betaling av restskatt etter § 11-5 fyrste ledd nytt fjerde punktum.

Departementet foreslår i tillegg ei endring i ordlyden i § 4-7 andre punktum fordi skatteoppgjeret i fremtida kan vere ferdig før 31. mai. Endringa går ut på å presisere at tilleggsforskot berre kan verte betalt før skatteoppgjeret er ferdigstilt. Det vil dermed vere den hendinga som finn stad fyrst, enten at skatteoppgjeret er ferdigstilt, eller at den endelege fristen 31. mai utløpar, som setjer grense for kor lenge skattytaren kan betale tilleggsforskot.

Departementet vil presisere at reglane om tilleggsforskot og rentefri betaling av restskatt ikkje frittek den skattepliktige og andre frå å følgje dei ordinære reglane om forskot på skatt. Både skattytarane og arbeidsgjevarar har plikt til fort-

laupande å betale forskotsskatt og gjennomføre forskotstrekk. Reglane om rentefri betaling av restskatt og tilleggsforskot får fyrst tyding om det viser seg at det ordinære forskotet ikkje er tilstrekkeleg til å dekkje skatten som er eller vert fastsett.

Departementet syner til framlegg til endringar i skattebetalingsloven § 4-7 annet punktum og § 11-5 fyrste ledd nytt fjerde punktum.

8.5 Administrative og økonomiske følger

Framlegget har etter departementet si vurdering ingen verknader for provenyet. Vurderinga er basert på ein føresetnad om at skattytarane i fremtida vil betale tilleggsforskot og restskatt som er fritekne frå renteplikt i same omfang som dei ville betalt tilleggsforskot etter dagens ordning.

Skatteetaten må setje i verk nokre systemtekniske endringar for å gjennomføre framlegget. Når skattytarane tek imot skatteoppgjeret, er rentetillegget på restskatt spesifisert. I fremtida må det gå fram at skattytar ikkje skal betale rentetillegget dersom restskatten vert betalt innan 31. mai. Dersom skattytar betaler før fristen, må rentetillegget annulleres. Departementet legg til grunn at det ikkje vil medføre store kostnader å gjennomføre desse endringane. Framlegget gjev difor ingen endringar i løyvingane til Skatteetaten.

Framlegget har ingen administrative eller økonomiske følger for skattytarane.

8.6 Iverksetjing

Departementet foreslår at lovendringane tek til å gjelde frå 1. januar 2020 med verknad for skatteoppgjeret for inntektsåret 2019.

9 Endring av tidspunktet ein reknar renter frå i saker om refusjon av utbyteskatt til utanlandske aksjonærar

9.1 Innleiing og samandrag

Når Skatteetaten skal rekne ut renter på refusjonskrav av kjeldesatt på utbyte, må dei hente inn dato på utbetaling frå skatteoppkrevjaren og rekne ut rentene manuelt for kvar enkelt refusjonssøknad, òg når det er utbyte til fleire aksjonærar frå same selskap. Saksbehandlinga er svært ressurskrevjande for Skatteetaten.

Av den grunn foreslår departementet å endre tidspunktet ein reknar renter frå i saker om refusjon av utbyteskatt til utanlandske aksjonærar, og i staden rekne rentene frå 1. juli i det året utbyttet vert utdelt. I dag vert rentene rekna frå det tidspunktet skatten vart betala til staten. Endringa vil gjere saksbehandlinga mykje enklare og dei utanlandske aksjonærarane vil få refusjonen raskare enn i dag.

Departementet antek at framlegget ikkje vil verke inn på det samla provenyet, og at framlegget vil ha liten økonomisk verknad for aksjonærarane.

Departementet syner til framlegg om endringar i skattebetalingsloven § 11-4.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde frå 1. juli 2019 med verknad for vedtak om refusjon som vert fatta frå og med denne datoen.

9.2 Gjeldande rett

Utanlandske aksjonærar som får utbyte frå norske aksjeselskap og likestilte selskap skal betale kjeldesatt til Noreg, jf. skatteloven § 10-13. Skatten vert fastsett ved at selskapet som deler ut utbyte, leverer melding om trekk av skatten, jf. skatteforvaltningsloven § 9-1 tredje ledd. Skatten som det trekkpliktige selskapet opplyser om i meldinga, utgjer den fastsette skatten. Trekkplikta inneber at selskapet fyrst skal holde att skatten når utbyttet vert utbetala, og deretter melde og betale inn beløpet til skattestyresmaktene, jf. skattebetalingsloven §§ 5-4a, 5-10a og 10-13 og skatteforvaltningsloven § 8-8 tredje ledd. Den utanlandske aks-

jonæren skal ikkje levere skattemelding. Skatten vert ikkje fastsett individuelt for kvar skattepliktig, men samla for alle dei utanlandske aksjonærarane i selskapet.

Kjeldesattssatsen er 25 pst., men aksjonæren kan ha krav på lågare sats eller skattefritak etter ei skatteavtale eller skatteloven § 2-38.

I høve der satsen skal vere lågare eller utbyttet er skattefritt, kan det utdelande selskapet ha trekt for mykje skatt. Då kan den utanlandske aksjonæren krevje refusjon for den delen av trekket som ikkje er skattepliktig. Aksjonæren må krevje refusjon seinast fem år etter utgangen av det året selskapet hadde frist til å levere den ordinære meldinga om skattetrekk, jf. skatteforvaltningsloven § 9-6.

I Skatteetaten vert søknadar om refusjon av kjeldesatt behandla av divisjonen Brukardialog – utland, tidlegare Sentralskattekontoret for utlandssaker (SFU). I 2017 tok SFU imot omtrent 5300 refusjonssøknadar frå personlege aksjonærar og omtrent 3500 frå selskapsaksjonærar. Frå 2012 til 2017 har aksjonærarane vorte refundert mellom ca. 520–825 millionar kroner årleg. I 2015 behandla SFU gamle refusjonssaker frå selskapsaksjonærar med høge beløp, noko som førte til at samla utbetalingar vart 1,5 milliardar kroner.

Frå 1. januar 2019 vart dokumentasjonskrava for lågare skattetrekk skjerpa, jf. skattebetalingsforskriften §§ 5-10a-1 til 5-10a-3. Mellom anna må den utanlandske aksjonæren leggje fram dokumentasjon på kravet før skattetrekket vert gjennomført. Tidlegare hadde aksjonæren berre plikt til å leggje fram dokumentasjonen dersom styresmaktene bad om det. Det er truleg at talet på refusjonssøknadar vil auke som følgje av dei nye dokumentasjonskrava.

Den utanlandske aksjonæren har krav på renter viss søknaden om refusjon vert innvilga, jf. skattebetalingsloven § 11-4. Renta skal godtgjere at den skattepliktige i ein periode har betala for mykje skatt. Rentesatsen svarer til Noregs Bank si styringsrente det aktuelle året, jf. skattebetalingsloven § 11-6 anna ledd anna punktum.

Rentene vert rekna frå tidspunktet då betalinga fann sted frem til forfallstidspunktet etter skattebetalingsloven § 10-60, jf. § 11-4 fyrste ledd. Betalinga skal reknast for å ha finne sted når det utdelande selskapet betala inn skattetrekket. Etter skattebetalingsloven § 10-13 skal selskapet betale skattetrekket på same dag som det skal levere melding om trekk etter skatteforvaltningsloven § 8-8 tredje ledd, jf. skatteforvaltningsforskriften § 8-8-3. For selskap som ikkje er registrerte i VPS-registeret, er fristen syv dagar etter at trekket er gjort. For selskap som er registrerte i VPS-registeret, er fristen ein månad etter trekket. Trekket skal gjerast når utbytet vert utbetala eller når den skattepliktige får åtgang til utbetalinga av utbytet eller utbytekompensasjonen, jf. skattebetalingsloven § 5-10a.

Normalt vert kjeldeskattegrekket betala innan sju dagar eller ein månad etter at utbytet vert utbetalt. Norske selskap avgjer sjølv når dei skal dele ut utbyte. Det inneber at starttidspunktet for renteberekinga i saksar der utanlandske aksjonærar søkjer om refusjon, vil variere for kvar enkelt utbytedeling.

Den gjeldande regelen om tidspunktet ein reknar renter frå i kjeldesattesaker, vart innført med den nye skatteforvaltningsloven 1. januar 2017. Tidlegare skulle renta reknast frå tidspunktet då det ferdige skatteoppgjeret etter ordinær avrekning vert sendt til selskapet som deler ut utbyte, jf. skattebetalingsloven § 11-4 anna ledd anna punktum slik regelen var forma før. Skatteetaten pleidde å setje same dato for skatteoppgjeret til alle dei utdelande selskapa. Dimed vart tidspunktet dei rekna rentar frå det same for motteke utbyte i alle selskap innanfor same inntektsår.

Bakgrunnen for endringa var at skatteforvaltningsloven ga ei ny løysing for fastsetjing av kjeldeskatte. Kjeldeskatte vert i dag fastset samstundes med at selskapet oppgir og betalar inn skattetrekket, i staden for at skattestyresmaktene gjer ei ny avrekning ved refusjonen. Saker om tilbakebetaling av kjeldeskatte kan dimed følgje hovudregelen om rentebereking i skattebetalingsloven § 11-4 fyrste ledd, og § 11-4 anna ledd anna punktum vart oppheva, jf. Prop. 1 LS (2016–2017) punkt 19.3.10.

9.3 Høyringa

Den 30. oktober 2018 sendte Finansdepartementet på høyring eit framlegg om å endre tidspunktet ein reknar renter frå i saker om refusjon av utbyteskatt til utanlandske aksjonærar. Departementet

foreslo at renter skal reknast frå 1. juli i det året utbytet vert utdelt. Føremålet med framlegget er å gjere utrekninga av renter i saker om refusjon av skatt på utbyte enklare. Høyringsnotatet vart sendt til 36 høyringsinstansar og lagt ut på Finansdepartementets heimeside. Høyringsfristen vart sett til 1. februar 2019. Til saman 10 instansar har svart.

Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Kunnskapsdepartementet, Utenriksdepartementet, Norsk Kapitalforvalterforening, Næringslivets Hovedorganisasjon og Økonomiforbundet har svart utan merknadar.

Nærings- og fiskeridepartementet og Skattedirektoratet har kome med merknadar til framlegget.

Nærings- og fiskeridepartementet sitt syn er at tidspunktet ein reknar renter frå i desse sakene bør vere det reelle verknadstidspunktet. Dei ber om at departementet bereknar dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av framlegget, og særskilt vurderer dei positive og negative verknadene for næringslivet, dei utanlandske aksjonærane og Skatteetaten. Om endringa viser seg å vere gunstigare for Skatteetaten enn for dei næringsdrivande, bør dei sistnemnde verte kompenserte for tapet.

Skattedirektoratet er positiv til framlegget og einig i argumenta til departementet. Direktoratet framhevar særskilt kor krevjande systemet er for Skatteetaten i dag når dei må rekne ut renta manuelt. Den foreslåtte endringa vil gjere arbeidet enklare for saksbehandlarane, og gje ein regel som liknar han som gjaldt før den nye skatteforvaltningsloven. For dei fleste aksjonærane vil endringa ha svært låg økonomisk betydning.

9.4 Vurderingar og framlegg

Systemet for utrekning av rente i ein refusjonssøknad som Skatteetaten bruker i dag, er ressurskrevjande. For å rekne ut rett rente må saksbehandlaren vite når selskapet betala kvart enkelt kjeldeskattegrekk. Selskapa rapporterer ikkje denne informasjonen til skattestyresmaktene, så saksbehandlaren må kontakte skatteoppkrevjaren for å få rett dato for utbytedelinga.

Når saksbehandlaren har fått dei naudsynte opplysingane må han rekne ut rentene manuelt, ettersom Skatteetaten per i dag ikkje har eit eige behandlingssystem for refusjonssaker. Rekneoperasjonen må gjerast for kvar enkelt refusjonssøknad, òg når det er utbyte til fleire aksjonærar frå same selskap.

Denne omfattande prosessen fører til lang saksbehandlingstid og sein refusjon til aksjonærane. Når prosessen er manuell aukar faren for feil i berekningane. Desse forholda taler for at ordninga vert endra.

I høyringsnotatet greidde departementet ut om to moglege løysingar. Det fyrste alternativet er å utvikle eit IT-system som automatisk overfører opplysingar om betaling frå skatteoppkrevjaren til Skatteetaten. Etaten treng òg eit system som bereknar renta automatisk ut frå data dei har motteke frå skatteoppkrevjaren.

Departementet finn at utgiftene for dette alternativet truleg vil vere store. Ingen av høyringsinstansane har teke til ordet for denne løysinga. Departementet tilrår ikkje denne løysinga.

Det andre alternativet departementet la fram er at ei felles dato vert sett for renteberekinga, uavhengig av når selskapet betala inn kjeldeskatte. I notatet foreslo departementet 1. juli fordi framlegget samla sett vil verke provenynøytralt. Framlegget fråvik prinsippet om at renta ved refusjon av for mykje innbetala skatt og avgift skal dekkje likviditetstapet til den skattepliktige.

Nærings- og fiskeridepartementet meiner utgangspunktet for utrekning av renter på refusjon av kjeldeskatte bør vere det reelle verknadstidspunktet.

Departementet finn at grunnane som taler for endringa veg opp for ulempa ved at ein her bryt med hovudregelen for rentebereking. Sjølv om endringa vil ha som følgje at kildeskattetrekk som vert betalt før 1. juli vil gje lågare rentekompensasjon enn i dag, og høgare om trekktet vert betalt etter 1. juli, er fordelane ved ei slik endring mange.

Departementet syner til høyringssvaret frå Skattedirektoratet. Som nemnt over vil ein felles dato for alle refusjonane spare saksbehandlarane for mykje arbeid. Dei treng ikkje bruke tid på å finne tidspunktet for betalinga av kjeldeskatte. Vidare kan dei rekne ut renta for alle utbyteutdelingane i det enkelte inntektsåret samstundes. Dei kan òg rekne ut renta for den totale refusjonssummen i staden for å skilje mellom alle utdelingane.

Departementet peikar på at det berre er naudsynt å søkje om refusjon viss kjeldeskattetrekket er feil. Om aksjonæren legg fram dokumentasjon som oppfyller krava i skattebetalingsforskriften §§ 5-10a-1 til 5-10a-3 før selskapet trekker for skatten, kan dei få rett trekk og sleppe å søkje om refusjon.

Departementet held fast ved framlegget i høyringsnotatet om 1. juli som fast dato for renteutrekning. For det fyrste er 1. juli egna for å gjere endringa så provenynøytral som mogleg. For det andre vil den økonomiske verknaden for aksjonærane i dei fleste høve vere liten, og 1. juli som fast dato er egna til å gjere avviket så lite som mogleg. Dette skuldast at utbyteutdelingar som oftast vert vedtekne på ordinær generalforsamling i mai eller juni. Den foreslåtte datoen vil med det verte på om lag same tid som kjeldeskatte vert betala, og skilnaden i rentegodtgjeringa vert liten. Det same gjeld for aksjonærar i selskap som deler ut utbyte fleire gongar i året. Renteulempa ved utdeling tidleg på året vert vege opp av ei rentefordel ved ei seinare utbetaling.

Departementet vil òg leggje til at dei gjeldande reglane for utrekning av renter berre har vore i kraft sidan 1. januar 2017. Tidlegare låg tidspunktet for ordinær avrekning av skatteoppgjeret til selskapa til grunn for renteberekinga. I praksis var det ein og same dato på hausten. Såleis er endringa til gunst for aksjonærane, om man jamfører med rettstilstanden før 1. januar 2017.

9.5 Administrative og økonomiske følger

Nærings- og fiskeridepartementet meiner departementet bør rekne på dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av framlegget.

Departementet syner til rekneeksempla i høyringsnotatet, som viser tydeleg at framlegget i dei fleste tilfella vil ha liten økonomisk verknad for den enkelte aksjonæren.

Framlegget vil gjere saksbehandlinga av søknadar om refusjon av kjeldeskatte enklare og mindre tidkrevjande for Skatteetaten, og redusere utgiftene etaten har i samband med desse sakene.

For dei utanlandske aksjonærane kan saksbehandlingstida gå ned når berekningane vert meir automatiserte.

Departementet antek at framlegget ikkje vil virke inn på det samla provenyet.

9.6 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde frå 1. juli 2019 med verknad for vedtak om refusjon som vert fatta frå og med denne datoen.

10 Endring av skattefastsettinga til dei skattepliktige som følgje av søksmål frå styresmaktene mot ei klagenemnd

10.1 Innleiing og samandrag

Skatteforvaltningsloven § 15-2 fyrste ledd slår fast at Finansdepartementet kan gå til søksmål for å få prøvd om eit vedtak frå ei skatteklagenemnd byggjer på feilaktig faktisk grunnlag eller urett oppfatning av eit rettsleg spørsmål. Dersom departementet går til søksmål mot nemnda og vinn fram, følgjer det ikkje klårt av lova kva konsekvensane for den skattepliktige som vedtaket gjeld, er.

Departementet sendte på høyring eit framlegg om å presisere i skatteforvaltningsloven at omgjeringsstillingen til skattestyresmaktene som følgje av dom òg gjeld for søksmål etter skfvl. § 15-2.

Nokre høyringsinstansar var ikkje einige med departementet i at framlegget var ei presisering av gjeldande rett, men fann at framlegget endrar rettsstilling til dei skattepliktige.

Departementet held fast ved sitt syn om at framlegget inneber ei presisering og ikkje endrar rettstilstanden. Presiseringa vil òg gjelde for saker der kommunen går til søksmål etter skfvl. § 15-2 anna og tredje ledd.

Departementet legg til grunn at presiseringa ikkje vil ha administrative eller økonomiske konsekvensar for departementet, Skatteetaten eller dei skattepliktige.

10.2 Gjeldande rett

Tre uavhengige nemnder behandlar klager på vedtak om skattefastsetting på sine respektive område: Skatteklagenemnda, Skatteklagenemnda for Svalbard og Klagenemnda for petroleums-skatt, jf. skatteforvaltningsloven (skfvl.) § 13-3 anna til fjerde ledd. Nemndsbehandlinga avsluttar det administrative laupet til ei skattesak i den forstand at nemndsvedtaket ikkje kan påklagast av den skattepliktige eller omgjerast av skattestyresmaktene eller departementet.

Skatteforvaltningsloven § 15-1 gjev den skattepliktige høve til å angripe eit vedtak ved søksmål.

Etter § 15-2 fyrste ledd kan departementet òg gå til søksmål mot eit nemndsvedtak:

«Departementet kan ved søksmål få prøvd om nemndsvedtak i sak om fastsetting av skatt skal oppheves helt eller delvis fordi det byggjer på feilaktig faktisk grunnlag eller uriktig oppfatning av et rettsspørsmål.»

Etter forarbeida, Prop. 38 L (2015–2016), er søksmålstilgangen meint å vere snever, og avgrensa til saker som er prinsipielle eller har stor provenymessig verd.

Søksmål etter skatteforvaltningsloven § 15-2 fyrste ledd skal rettast mot nemnda ved leiaren, jf. § 15-3 tredje ledd. Den skattepliktige vert ikkje part i saka, men skattestyresmaktene skal varsle den skattepliktige om søksmålet, jf. § 15-2 fjerde ledd. Den skattepliktige kan tre inn som partshjelpar etter dei allmenne prosessreglane, jf. forarbeida punkt 21.3.3. Departementet må gå til søksmål innan seks månader etter at vedtaket vert sendt til den skattepliktige, jf. skfvl. § 15-4 fyrste ledd.

Skatteforvaltningsloven regulerer ikkje uttrykkeleg verknadene for den skattepliktige som vedtaket gjeld, dersom departementet får medhald i søksmål som er anlagt etter skatteforvaltningsloven § 15-2 fyrste ledd. Spørsmålet har heller ikkje kome på spissen i rettspraksis.

10.3 Høyringa

10.3.1 Bakgrunn for høyringa

Før skatteforvaltningsloven § 15-2 fyrste ledd tredde i kraft, heimla ligningsloven § 11-2 og merverdiavgiftsloven § 20-2 tilgangen for departementet til å få eit vedtak prøva rettsleg.

Merverdiavgiftsloven § 20-2 erstatta i si tid ein regel om at departementet kunne omgjere vedtak trefte av Klagenemnda for meirverdiavgift, jf. Ot.prp. nr. 76 (2008–2009) kapittel 9.

I forarbeida til skatteforvaltningsloven er dei tidlegare heimlane i ligningsloven § 11-2 og merverdiavgiftsloven § 20-2 skildra som «sikkerhetsventiler for de tilfeller hvor skattemyndighetene, først og fremst de uavhengige nemndene, treffer avgjørelser staten og kommunene ikke ønsker skal bli stående», jf. Prop. 38 L (2015–2016) punkt 21.3.1.

Per 1. mai 2019 har departementet nytta søksmålstilgangen ved to høve. Både gongane såg departementet eit behov for å avklare om merverdiavgiftsloven § 8-1 gjev ein avgiftspliktig rett til frådrag for inngåande avgift på anskaffingar knytt til omsetnad som er unnateken frå avgiftsplikta.

I august 2018 tok departementet ut søksmål mot nemnda i fem saker som alle gjeld frådragsrett for anskaffingar tilknytt sal av fast eigedom. Sakene vil verte behandla av Oslo tingrett i mai 2019.

Det har vore stilt spørsmål om utfallet av eit søksmål skal kunne gjerast gjeldande overfor den skattepliktige som vedtaket gjeld. Dersom departementet får medhald i søksmålet og dommen kan gjerast gjeldande overfor dei skattepliktige, skal skattestyresmaktene endre fastsettinga deira i tråd med dommen, uavhengig av dei allmenne fristane for omgjerding i skatteforvaltningsloven. Om § 12-1 ikkje kan nyttast i desse høva, og endringsfristane har laupt ut, vil dommen berre klårleggje korleis rettsreglane skal tydst og vere ein rettskjelde i seinare saker.

10.3.2 Høyringa

Den 7. desember 2018 sendte Finansdepartementet på høyring eit framlegg om å presisere i skatteforvaltningsloven § 12-1 tredje ledd bokstav a at tilgangen for skattestyresmaktene til å endre ei fastsetting dersom det «følger av eller forutsettes i dom» òg inkluderer søksmål etter skatteforvaltningsloven § 15-2.

Høyringsnotatet vart sendt til 37 høyringsinstansar og lagt ut på Finansdepartementets heimeside. Høyringsfristen vart sett til 1. mars 2019. I alt 16 instansar har svart.

Forsvarsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Statistisk sentralbyrå, Utenriksdepartementet og Økonomiforbundet har svart utan merknadar.

Domstolsadministrasjonen har valt å ikkje uttale seg i saka.

Finans Norge, Norsk Øko-Forum (NØF) og Skattedirektoratet støtter framlegget.

Deloitte Advokatfirma AS, Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO), Regnskap Norge og Revisorforeningen meiner framlegget endrar rettsstillinga til dei skattepliktige og svekker rettstryggleiken deira, og støtter ikkje framlegget. Departementet vil drøfte dei konkrete merkna-dane laupande i vurderinga under.

10.4 Vurderingar og framlegg

I høyringsnotatet greidde departementet ut om forarbeida og historikken til heimelen, og fann at desse forholda talte for at fastsettinga kan endrast i medhald av loven, utan omsyn til endringsfristane.

Deloitte, Revisorforeningen, Regnskap Norge og NHO er ueinige, og meiner at framlegget er ei endring av gjeldande rett, som berre bør få verknad framover i tid.

Departementet fastheld at førearbeida og historikken til skfvl. § 15-2 fyrste ledd gjev klare haldepunkt for at søksmål mot ei klagenemnd var meint å ha konsekvensar for fastsettinga til den skattepliktige.

Som nemnt er skfvl. § 15-2 fyrste ledd ei vidareføring av ligningsloven § 11-2 og merverdiavgiftsloven § 20-2. I førearbeida til merverdiavgiftsloven § 20-2, Ot.prp. nr. 76 (2008–2009) punkt 9.4.2, la lovgjevar til grunn at det skal fattast nytt vedtak i saka dersom departementet får medhald i søksmål mot nemnda:

«Dersom departementet når fram med et søksmål etter forslaget § 20-2, vil retten avsi dom for at Klagenemnda for merverdiavgifts vedtak oppheves. Saken går så tilbake til klagenemnda, som behandler saken på ny og treffer nytt vedtak. Under denne nye klagebehandlingen har avgiftssubjektet fulle forvaltningsrettslige partsrettigheter. Videre kan subjektet bringe det nye klagevedtaket inn for domstolene om det skulle være ønskelig.»

Vidare er det klart frå spesialmerknadane til § 20-2 (side 82) at søksmålstilgangen erstatta høvet departementet hadde til å gjere om vedtak frå Klagenemnda for merverdiavgift. Det er ikkje tvilsamt at ei slik omgjerding hadde skattemessig verknad for den avgiftspliktige. Når søksmålstilgangen erstatta endringstilgangen var føremålet å flytte søksmålsbøra frå den avgiftspliktige til departementet, og ikkje å ta frå departementet

moglegheita til å få endra ei avgiftsfastsetting dei fann urett.

Ligningsloven hadde ein fristregel som oppheva dei ordinære fristane for endring av ligninga dersom eit spørsmål om endring følgde av ei domstolsavgjerd. Då var fristen eitt år etter avgjerda var rettskraftig, jf. lignl. § 9-6 femte ledd bokstav c. Samanholdt med omtala av fristar i førearbeida til ligningsloven, Ot.prp. nr. 29 (1978–1979), finn departementet at moglegheita til å få retta fastsettinga var eit viktig føremål med søksmålstilgangen etter ligningsloven. Dette er særskilt tydeleg med søksmåltilgangen for kommunane, der målet er å fordele skatteinntekta mellom dei. I forarbeida til skatteforvaltningsloven er fristreglane for endring som følgje av søksmål utforma etter mønster av ligningsloven, og det går ikkje fram at det var tilsikta å endre konsekvensane av ei slik omgjeringstilgang.

Forarbeida til skatteforvaltningsloven skildrar saker av «*svært stor provenymessig betydning*» som egna for bruk av § 15-2 fyrste ledd, jf. punkt 20.3.3. Dette taler òg for at skattefastsettinga til den skattepliktige kan endrast som følgje av at departementet får medhald i søksmål mot nemnda.

Departementet finn at forarbeida eintydig taler for ein endringstilgang for skattestyresmaktene.

Plikta departementet har til å varsle den skattepliktige etter skfvl. § 15-2 fjerde ledd, er òg eit moment som trekk i retning av at søksmålet mot nemnda kan få verknad for den skattepliktige.

N H O hevdar framlegget representerer eit unntak frå dei ordinære endringsfristane.

D e p a r t e m e n t e t meiner det ikkje er dei ordinære endringsfristane i skfvl. § 12-6 som skal nyttast i dette høvet. Den vanlege endringskompetansen til skattestyresmaktene følgjer av skfvl. § 12-1 fyrste ledd. Då gjeld dei vanlege fristane i § 12-6. Kompetansen som følgje av søksmål, er heimla i skfvl. § 12-1 tredje ledd boksta a, og § 12-8 gjer unntak for endringsfristane i § 12-6 for dette tilhøvet. Det er altså ikkje eit brot med fristreglane, men eit anna sett med fristar som skal nyttast når ei sak skiftar frå det allmenne forvaltningsrettslege laupet til eit rettsprosesslaup. Både § 12-1 tredje ledd bokstav a og § 12-8 bokstav a er generelle på den måten at dei ikkje skil mellom søksmål etter § 15-2 fyrste ledd og søksmål der den skattepliktige er part. Departementet finn at det ikkje kan slutte frå ordlyden eit krav om at den skattepliktige er part i saka for at skattestyresmaktene kan endre skattefastsettinga dersom dommen gjev grunnlag for det.

Revisorforeningen, Regnskap Norge, NHO og Deloitte framhevar rettstryggeleiken til den skattepliktige. Av den grunn er fleire positive til ei klårgjering av rettsstillinga til den skattepliktige. Likevel meiner dei at den foreslåtte løysinga til departementet ikkje tek tilstrekkeleg omhug til den skattepliktige. Instansane syner til omsynet til kontradiksjon og føreseielege prosessar. I tillegg har fleire av instansane peikt på behovet for den skattepliktige til å kunne tre inn som part, ikkje berre som partshjelpar, om departementet held fast ved løysingsframlegget i høyringsnotatet.

D e p a r t e m e n t e t finn at reglane om partshjelp i tvisteloven § 15-7 er tilstrekkeleg for at den skattepliktige kan verne om sine interesser. Etter skfvl. § 15-2 fjerde ledd skal departementet varsle den skattepliktige om søksmålet, og han eller ho får tid til å vurdere nytta av å tre inn som partshjelpar. Han eller ho har dermed moglegheit til å fremje synspunkta sine frå starten av rettsprosessen.

Departementet foreslår etter dette ei presisering i skatteforvaltningsloven § 12-1 tredje ledd bokstav a som gjer det klart at skattestyresmaktene si plikt til å endre skattefastsettinga som følgje av søksmål, òg gjeld for søksmål etter § 15-2. Presiseringa inneber eit nytt anna punktum i paragrafen, som lyd: «*Dette gjelder også søksmål etter § 15-2.*»

Etter skatteforvaltningsloven § 15-2 anna og tredje ledd kan kommunen gå til søksmål mot nemnda for å avgjere kve som er rett skattested for den skattepliktige. Departementet legg til grunn at endringstilgangen overfor den skattepliktige er den same i slike tilfelle som når departementet går til sak mot nemnda. Framlegget om presisering i § 12-1 tredje ledd bokstav a gjeld òg søksmål etter § 15-2 anna og tredje ledd. Ingen av høyringsinstansane har kommentert på dette punktet.

Departementet vil understreke at lovendinga ikkje er meint å føre til ei auke i søksmål anlagt etter skfvl. § 15-2. Søksmålstilgangen skal framleis vere ei «sikkerhetsventil» for saker som er prinsipielle eller har stor provenymessig verd.

Departementet syner til framlegg om endringar i skatteforvaltningsloven § 12-1 tredje ledd bokstav a.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

10.5 Administrative og økonomiske følger

Departementet finn at den foreslåtte endringa er ei presisering av den gjeldande rettsstillingen. Endringa vil av den grunn ikkje innebere økonomiske eller administrative konsekvensar verken for Finansdepartementet, Skatteetaten eller dei skattepliktige.

10.6 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

11 Frekvensavgifter

Kommunal- og moderniseringsdepartementet krev inn årlege frekvensavgifter frå aktørar som disponerer frekvensar til drift av system for mobilkommunikasjon. Frekvensavgifta vert rekna ut frå tildelt frekvensmengd. Avgifta utgjer mellom 1,3 og 1,5 mill. kroner per disponert MHz (frekvensdupleks). Gjeldande avgiftsvedtak gjeld for frekvensbanda 450, 800, 900, 1 800 og 2 100 MHz.

Det skal tildelast ledige frekvensar i 700 MHz- og 2 100 MHz-banda ved auksjon sommaren 2019. Ifølgje auksjonsregelverket for den kommande auksjonen skal aktørar som vert tildelt frekvensar i 700 MHz-banda svare frekvensavgift. Dette frekvensbandet er ikkje nemnd i det gjeldande avgiftsvedtaket. Departementet foreslår på denne bakgrunn å endre avgiftsvedtaket slik at det òg omfattar 700 MHz-bandet.

For frekvensar i 700 MHz og 2,1 GHz-banda som skal tildelast ved auksjon i 2019, har Kommu-

nal- og moderniseringsdepartementet opna for at aktørane kan utsetje betaling av 90 pst. av årlege frekvensavgifter med inntil 24 månader frå 1. november 2019 mot betaling av renter. Det er ein føresetnad at frekvensane i så fall berre vert nytta til pilotbruk. Dersom ein eller fleire aktørar vel å bruke denne moglegheita, vil tidspunktet for når frekvensavgiftene vert inntektsført kunne verte utsatt med inntil 24 månader.

Frekvensavgiftene frå den kommande auksjonen er berekna til om lag 17,6 mill. kroner påløpt i 2019 og 47,3 mill. kroner påløpt i 2020. Inntektene vert bokført i perioden 2020 til 2022, avhengig av om aktørane bruker moglegheita til å utsetje betalinga.

Departementet syner til framlegg om endring i Stortingets vedtak om avgift på frekvenser frå 1. juli 2019.

12 Endring av produktavgifta i fiskerinæringa

Fiskarane betalar ei trygdeavgift på 8,2 pst. Produktavgifta i fiskerinæringa skal forutan å dekkje mellomlegget mellom 8,2 pst. og 11,4 pst. i trygdeavgifta på næringsinntekt òg dekkje kollektiv medlemspremie til yrkesskadetrygd, kollektiv forsikring for tilleggssjukepengar for manntallsførte fiskarar og utgifter i samband med stønad til arbeidslause i næringa. Satsen er 2,4 pst. for 2019.

Produktavgifta er berekna på bakgrunn av innhenta prognosar for komande års førstehandsverdi av fisket og prognosar for utgiftene som produktavgifta er meint å dekkje. Usikkerheit i prognosane gjer det vanskeleg å fastsette riktig sats for komande år.

Nærings- og fiskeridepartementet har innhenta reviderte prognosar på mellom anna førstehandsverdien av fisket i 2019. Dei legg til grunn at denne vert høgare enn det ein tidlegare rekna med. Nærings- og fiskeridepartementet tilrår difor at satsen for andre halvår 2019 setjast til 2,2 pst.

Departementet gjer difor framlegg om å redusere produktavgifta til 2,2 pst. frå 1. juli 2019, i tråd med tilrådinga frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Departementet syner til framlegg om endring i Stortingets vedtak om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringene for 2019.

13 Opprettingar i lovtekst

13.1 Skatteloven § 3-3

Skatteloven § 3-3 niande ledd bruker nemninga «deltakerlignet selskap». Det rette skal vere «selskap med deltakerfastsetting». Departementet foreslår at dette vert retta. Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven § 3-3 niande ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

13.2 Skatteloven § 6-53

Skatteloven § 6-53 inneheld reglar om akjeinnskot i oppstartsselskap. Føresegna vart innført ved lov 21. juni 2017 nr. 78. Ved ein feil vart det i andre ledd bokstav b tredje strekpunkt nytta forkortinga pst. i staden for prosent. Departementet foreslår at det vert retta opp i dette og syner til framlegg om endring i skatteloven § 6-53 andre ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

13.3 Skatteloven § 8-3

Skatteloven § 8-3 inneheld reglar om avvikling og omstillingsfond for reineigarar. Føresegna vart endra ved lov 17. juni 2005 nr. 74. Ved ein feil vart det i andre ledd nytta forkortinga pst. i staden for prosent. Departementet foreslår at det vert retta opp i dette og syner til framlegg om endring i skatteloven § 8-3 andre ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

13.4 Skatteloven § 10-21

Tidlegare inneheldt skatteloven § 10-20 flg. reglar om aksjonærbidrag. Ved lov 10. desember 2004 nr. 77 vart skatteloven §§ 10-20 til 10-25 oppheva. Ved lov av 18. desember 2015 nr. 115 vart det vedteke ny § 10-20 om skattlegging av verdipapirfond og andelseigar, og ved lov 20. desember 2016 nr. 111

vart det vedteke ny § 10-21 om skattlegging av aksjesparekonto og kontohavar. Samstundes vart det vedteke ny deloverskrift før skatteloven § 10-20 som no lyd «*Verdipapir og aksjesparekonto*». Deloverskrifta til dei oppheva reglane om aksjonærbidrag som lyder «*Aksjonærbidrag*», vart ved ein feil ikkje oppheva. Departementet foreslår at deloverskrifta «*Aksjonærbidrag*» før deloverskrifta «*Verdipapir og aksjesparekonto*» vert fjerna.

Departementet syner til framlegg om fjerning av deloverskrift før deloverskrift til skatteloven § 10-20. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

13.5 Skatteloven § 12-1

Skatteloven § 12-1 slår fast kva område kapittel 12 i skatteloven gjeld. Ved lov om endring i skatteloven 18. desember 2015 nr. 115 vart ordlyden i føresegna endra frå «*utligning av toppskatt*» til «*utligning av trinnskatt*». I tilknytning til innføring av ny skatteforvaltningslov vart føresegna ved ein inkurie endra frå «*utligning av trinnskatt*» til «*fastsetting av toppskatt*» jf. lov 27. mai 2016 nr. 14. Riktig ordlyd skal vere «*fastsetting av trinnskatt*».

Departementet foreslår at det vert retta opp i dette og syner til framlegg om endring i skatteloven § 12-1. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

13.6 Skatteloven § 12-2

Det har i tilknytning til lovrevisjon kome inn feil i teiknsettinga i skatteloven § 12-2 bokstav b, c, d, e, g og j. Bokstavane er merkt med ein halv parentes noko som ikkje er i tråd med systematikken i føresegna der kvar bokstav er etterfølgt av eit punktum. Departementet foreslår at det vert retta opp i dette og syner til framlegg om endring i skatteloven § 12-2 bokstavane b, c, d, e, g og j. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

13.7 Skatteloven § 17-2

Skatteloven § 17-2 gjeld avgrensing av skatt ved låg alminneleg inntekt for ektefellar. Ved lov 21. juni 2017 nr. 78 vart fyrste og andre ledd i føresegna endra for å tilpasse ordlyden til skatteforvaltningsloven. Endringane var ikkje meint å innberere realitetsendringar, jf. Prop. 130 LS (2016–2017) punkt 16.3. Ved ein feil vart § 17-2 fyrste ledd andre punktum om fordeling av formue, inntekt og frådrag, oppheva. Departementet foreslår å rette opp dette ved at fyrste ledd andre punktum vert teke inn igjen, og syner til framlegg om endring i skatteloven § 17-2 fyrste ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

13.8 Tolloven § 12-1

I samband med statsbudsjettet 2019 vart det i tolloven § 12-1 andre ledd ny bokstav j vedteke ei føresegn om utlevering av opplysningar frå Toll-etaten til Nasjonalt tverretattlig analyse- og etterretningssenter. Føresegna gjeld berre for utlevering til dette senteret, jf. Prop. 1 LS (2018–2019) punkt 17.6.3. Ved ein feil nyttar tolloven § 12-1 andre ledd ny bokstav j nemninga Nasjonalt tverretattlig analyse- og *etterretningssamarbeid* i staden for *etterretningssenter*. Departementet foreslår at dette vert retta opp, og syner til framlegg om endring i lov 20. desember 2018 nr. 107 om endringar i tolloven. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

13.9 Merverdiavgiftsloven § 21-1 a

Lov 19. juni 2015 nr. 58 om krav til kassasystem (kassasystemlova) tok til å gjelde 1. januar 2017. Samstundes med at kassasystemlova vart vedtatt, vart det i ligningsloven § 10-10 og merverdiavgiftsloven § 21-1 a vedtatt føresegner om brotsgebyr for bokføringspliktige ved brot på pliktene til å registrere og dokumentere kontantsal, jf. lov 19. juni 2015 nr. 49 og lov 19. juni 2015 nr. 56. Føresegnene skulle ta til å gjelde 1. januar 2019.

Då skatteforvaltningsloven tok til å gjelde 1. januar 2017, vart heile ligningsloven oppheva. Kapittel 21 i merverdiavgiftsloven vart òg oppheva. Reglar om brotsgebyr for bokføringspliktige ved brot på pliktene til å registrere og dokumentere kontantsal følgjer no av skatteforvaltningslo-

ven § 14-7 fyrste ledd bokstav d, jf. lov 20. desember 2016 nr. 120 og Prop. 1 LS (2016–2017) punkt 19.2.18. Merverdiavgiftsloven § 21-1 a er difor overflødig, og departementet foreslår at føresegna vert oppheva. Departementet syner til framlegg om å oppheve merverdiavgiftsloven § 21-1 a. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

13.10 A-opplysningsloven § 6 a

I samband med statsbudsjettet 2019 vart det vedteke føresegner om bruk av personopplysningar ved utvikling og testing av IT-system i Skatteetaten og Tolletaten, jf. Prop. 1 LS (2018–2019) kapittel 18. Det vart vedteke nye føresegner i bidrag-sinnkrevingsloven, skattebetalingsloven, tolloven, a-opplysningsloven, SI-loven, skatteforvaltningsloven og folkeregisterloven. Endringane tek til å gjelde 1. juli 2019. Føresegnene var meint å ha lik ordlyd i alle lovene. Ved ein feil vart ordlyden i a-opplysningsloven ny § 6 a ulik dei andre føresegnene, sjølv om det materielle innhaldet er det same. Departementet foreslår å rette opp i ordlyden i ny § 6 a i a-opplysningsloven, slik at den vert lik føresegnene i dei andre lovene. Departementet syner til framlegg om endring i lov 20. desember 2018 nr. 108 om endringar i a-opplysningsloven. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

13.11 Endringar som følgje av ny lov om opphavsrett til åndsverk mv.

Ny lov om opphavsrett til åndsverk mv. tok til å gjelde frå 1. juli 2018. Som følgje av den nye lova er det behov for å oppdatere omgrepsbruk i skatteloven, skatteforvaltningsloven og merverdiavgiftsloven. Dette gjeld nærare bestemt omgrepet «opphavsmann», som vert nytta i åndsverkloven frå 1961. I den nye lova vert omgrepet «opphaver» nytta om ein som skapar eit åndsverk, jf. åndsverkloven § 2 fyrste ledd. Departementet foreslår at omgrepsbruken vert endra tilsvarande i skatteloven, skatteforvaltningsloven og merverdiavgiftsloven, og syner til framlegg om endring i skatteloven § 4-2 fyrste ledd bokstav e, skatteforvaltningsloven § 7-10 fyrste ledd bokstav g og merverdiavgiftsloven § 3-7 fjerde og femte ledd.

Finansdepartementet

og

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- lov om endringar i skatteloven
- lov om endring i inndelingslova
- lov om endringar i skattebetalingsloven
- lov om endringar i merverdiavgiftsloven
- lov om endringar i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i lov 20. desember 2018 nr. 107 om endringer i tolloven
- lov om endring i lov 20. desember 2018 nr. 108 om endringer i a-opplysningsloven

- vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1997 om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringene
 - vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1999 om avgift på alkohol (kap. 5526 post 70)
 - vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1999 om avgift på motorvogner mv. A. Engangsavgift (kap. 5536 post 71)
 - vedtak om endring i Stortingets vedtak 25. april 2019 nr. 482 om avgift på frekvenser mv. (kap. 5583 post 70)
-

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak til

- lov om endringar i skatteloven
- lov om endring i inndelingslova
- lov om endringar i skattebetalingsloven
- lov om endringar i merverdiavgiftsloven
- lov om endringar i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i lov 20. desember 2018 nr. 107 om endringer i tolloven
- lov om endring i lov 20. desember 2018 nr. 108 om endringer i a-opplysningsloven

og

- vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1997 om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringene
- vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1999 om avgift på alkohol (kap. 5526 post 70)
- vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1999 om avgift på motorvogner mv. A. Engangsavgift (kap 5536 post 71)
- vedtak om endring i Stortingets vedtak 25. april 2019 nr. 482 om avgift på frekvenser mv. (kap. 5583 post 70)

i samsvar med eit vedlagt forslag.

A – Forslag til lovvedtak

Forslag til lov om endringer i skatteloven

I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt gjer ein følgjande endringar:

§ 2-40 skal lyde:

§ 2-40 *Begrensning av skatteplikt for visse selskap eid av Norges Bank*

Aksjeselskap som er direkte eller indirekte heleid av Norges Bank og *tilsvarende selskap stiftet i utlandet som er hjemmehørende i Norge*, skal ikke svare skatt på inntekt fra kapital som forvaltes i Statens pensjonsfond utland, jf. lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond § 2 annet ledd annet punktum, herunder avkastning i form av gevinst, utbytte, renter og valutagevinst.

§ 3-3 niande ledd skal lyde:

(9) Denne paragraf gjelder ikke for inntekt fra *selskap med deltakerfastsetting* og formue i slikt selskap, jf. §§ 10-40 til 10-49.

§ 4-2 fyrste ledd bokstav e skal lyde:

e. rett til åndsverk eller patent, så lenge retten ikke er gått ut av *opphaverens* eller oppfinnerens eie,

§ 6-53 andre ledd bokstav b tredje strekpunkt skal lyde:

– ett eller flere offentlige organer kan ikke alene eller til sammen kontrollere mer enn 24 prosent av kapital- eller stemmerettsandelene i selskapet.

§ 8-3 andre ledd skal lyde:

(2) Avsetningsbeløpet kan for det enkelte år sammen med andre fradragsberettigede fondsavsetninger utgjøre høyst 80 prosent av det beløp

inntekten av reindrift eventuelt ved gjennomsnittsfastsetting etter § 14-82 fastsettes til. Avsetningsbeløpet kan ikke være mindre enn 30 000 kroner.

Deloverskrifta «Aksjonærbidrag» før deloverskrifta til skatteloven §§ 10-20 og 10-21 «Verdipapirfond og aksjesparekonto» vert fjerna.

§ 12-1 skal lyde:

§ 12-1 *Anvendelsesområde*

Dette kapittel gjelder fastsettelse av personinntekt. Personinntekt er grunnlag for fastsetting av *trinnskatt* til staten og trygdeavgift til folketrygden.

§ 12-2 bokstav b fyrste punktum skal lyde:

b. *pensjon* i og utenfor arbeidsforhold, føderåd, livrente som er ledd i pensjonsordning i arbeidsforhold og engangs- og avløsningsbeløp for slike ytelser.

§ 12-2 bokstav c skal lyde:

c. *arbeidsavklaringspenger* etter folketrygdloven kapittel 11 og overgangsstonad etter folketrygdloven §§ 15-7, 16-7 og 17-6.

§ 12-2 bokstav d skal lyde:

d. *engangsutbetaling* fra individuell pensjonsavtale som er i samsvar med regler gitt av departementet og engangsutbetaling fra pensjonsavtale etter lov om individuell pensjonsordning.

§ 12-2 bokstav e skal lyde:

e. *engangsutbetaling* fra pensjonsordning etter innskuddspensjonsloven.

§ 12-2 bokstav g skal lyde:

g. *beregnet* personinntekt etter §§ 12-10 til 12-13.

§ 12-2 bokstav j skal lyde:

j. uføretrygd etter folketrygdloven kapittel 12 og uføreytelser fra andre ordninger.

§ 17-2 fyrste ledd skal lyde:

(1) Ved skattebegrensning etter § 17-1 skal ektefellers inntekt fastsettes hver for seg uansett om ektefellene skattlegges under ett eller særskilt. *Ved denne beregningen fordeles formue og inntekter og fradrag som kan fordeles fritt mellom ektefeller, med en halvpart på hver av ektefellene.*

II

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt gjer ein følgjande endringar:

§ 2-10 skal lyde:

§ 2-10 *Skattlegging av ektefellers formue under ett*
Ektefeller skattlegges under ett for begge *formue når* ikke annet er bestemt i denne lov.

§ 2-11 fyrste og andre ledd vert oppheva.

§ 2-11 fyrste ledd skal lyde:

(1) *Ektefeller skattlegges særskilt for inntekt når* ikke annet er bestemt i denne lov.

Noverande tredje ledd vert andre ledd.

§ 2-12 skal lyde:

§ 2-12 *Skattlegging av ektefeller hver for seg*

Ektefellene skattlegges hver for seg

a. *det inntektsåret ekteskapet inngås.*

b. når de ved utløpet av inntektsåret var separert eller levde varig adskilt. *Ektefellene skal ikke*

anses å leve varig adskilt der den ene ektefellen bor på institusjon.

§ 3-1 andre ledd skal lyde:

(2) Bostedskommunen er den kommunen hvor skattyteren er bosatt ved utløpet av *1. januar i inntektsåret*. Skattyter som er flyttet fra sitt tidligere bosted, anses fortsatt som bosatt i sin tidligere bostedskommune dersom skattyteren ikke er kommet til sitt nye bosted *på dette tidspunktet*. Skattyter som ikke har vært bosatt i noen kommune her i landet *1. januar i inntektsåret*, skal svare skatt av formue og inntekt til den kommunen hvor vedkommende først bosatte seg eller tok opphold.

§ 3-1 tredje ledd vert oppheva.

Noverande fjerde ledd til niande ledd vert tredje ledd til åttande ledd.

§ 3-4 andre ledd skal lyde:

(2) Skattyter som er skattepliktig etter § 2-3 første ledd d og annet ledd, svarer skatt til den kommunen hvor vedkommende oppholdt seg *1. januar i inntektsåret*. Har slik skattyter ikke oppholdt seg i noen kommune her i landet på dette tidspunktet, svares skatten til den kommunen hvor vedkommende oppholdt seg da skatteplikten etter § 2-3 første ledd d og annet ledd oppstod.

III

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Endringane under II tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2020.

Forslag til lov om endring i inndelingslova

I

I lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser gjer ein følgjande endring:

§ 12 fjerde ledd vert oppheva.

II

Endringa under I tek til å gjelde frå og med 1. januar 2020.

Forslag til lov om endringer i skattebetalingsloven

I

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav gjer ein følgjande endringar:

§ 4-7 andre punktum skal lyde:

Slik innbetaling kan foretas *før skatteoppgjøret foreligger*, men ikke senere enn 31. mai i skattefastsettingsåret.

§ 11-5 fyrste ledd nytt fjerde punktum skal lyde:

Det skal ikke beregnes rentetillegg av restskatt som betales innen 31. mai i skattefastsettingsåret.

II

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav gjer ein følgjande endring:

§ 11-4 nytt sjetste ledd skal lyde:

(6) Ved refusjon av for mye betalt kildeskatt på utbytte til utenlandsk aksjonær, jf. skatteforvaltningsloven § 9-6, skal det beregnes renter fra 1. juli i inntektsåret og frem til forfallstidspunktet i § 10-60.

III

Endringane under I tek til å gjelde frå 1. januar 2020 med verknad for skatteoppgjeret for inntektsåret 2019.

Endringa under II tek til å gjelde frå 1. juli 2019 med verknad for vedtak om refusjon som vert fatta frå og med denne datoen.

Forslag

til lov om endringer i merverdiavgiftsloven

I

I lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift gjer ein følgjande endringar:

§ 3-7 fjerde og femte ledd skal lyde:

(4) *Opphaverens* omsetning av egne kunstverk og opphavsrett til egne litterære og kunstneriske verk er unntatt fra loven. Det samme gjelder slik omsetning ved mellommann i *opphaverens* navn.

(5) Formidling av kunstverk for *opphaveren* er unntatt fra loven.

§ 21-1 a vert oppheva.

II

I lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift gjer ein følgjande endringar:

§ 6-3 skal lyde:

§ 6-3 *Tidsskrift*

(1) Omsetning av tidsskrift, *herunder elektroniske tidsskrift*, som hovedsakelig omsettes til faste abonnenter eller som hovedsakelig deles ut til eller på annen måte gjøres tilgjengelig for foreningsmedlemmer, er fritatt for merverdiavgift i siste omsetningsledd.

(2) Omsetning av tidsskrift, *herunder elektroniske tidsskrift*, med overveiende politisk, litterært eller religiøst innhold er fritatt for merverdiavgift i siste omsetningsledd.

(3) Departementet kan gi forskrift om utfylling og gjennomføring av denne paragrafen, herunder

om hva som menes med tidsskrift og *elektroniske tidsskrift* og om vilkår for fritak. Departementet kan også gi forskrift om at trykking av tidsskrift og *framstilling av elektroniske tidsskrift*, skal være fritatt for merverdiavgift.

§ 6-4 skal lyde:

§ 6-4 *Bøker*

(1) Omsetning av bøker, *herunder elektroniske bøker*, er fritatt for merverdiavgift i siste omsetningsledd. Fritaket gjelder tilsvarende for *lydbøker som er parallellutgaver av bøker og elektroniske bøker*.

(2) Fritaket gjelder ikke publikasjoner som selges sammen med en vare av annet slag og som inngår som en del av en felles varenhet.

(3) Trykking av bøker er fritatt for merverdiavgift dersom oppdragsgiveren skal dele ut hele opplaget gratis eller oppdragsgiverens videresalg er av så lite omfang at oppdragsgiveren ikke blir registreringspliktig etter § 2-1 første ledd. Fritaket gjelder tilsvarende for framstilling av *lydbøker som er parallellutgaver av bøker og elektroniske bøker*.

(4) Departementet kan gi forskrift om hva som menes med bøker og *elektroniske bøker*, og om vilkår for fritak. Departementet kan også gi forskrift om at framstilling av *elektroniske bøker*, skal være fritatt for merverdiavgift.

III

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Endringane under II tek til å gjelde frå 1. juli 2019.

Forslag

til lov om endringar i skatteforvaltningsloven

I

I lov 27. mai 2016 nr. 14 om skatteforvaltning gjer ein følgjande endringar:

§ 7-10 fyrste ledd bokstav g skal lyde:

g) den som selv eller gjennom andre har utbetalt honorar eller annen godtgjøring til *opphaver* til åndsverk.

§ 12-1 tredje ledd bokstav a skal lyde:

a) endringen følger av, eller forutsettes i, utfallet av et søksmål. *Dette gjelder også søksmål etter § 15-2.*

II

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Forslag

til lov om endring i lov 20. desember 2018 nr. 107 om endringer i tolloven

I

I lov 20. desember 2018 nr. 107 om endringer i tolloven gjer ein følgjande endring:

§ 12-1 andre ledd bokstav j skal lyde:

j) til offentlig myndighet til bruk for medarbeidere som deltar i tverretattlig samarbeid ved

Nasjonalt tverretattlig analyse- og *etterretningssenter* for å forebygge, avdekke, forhindre eller sanksjonere arbeidslivskriminalitet,

II

Endringa under I tek til å gjelde straks.

Forslag

til lov om endring i lov 20. desember 2018 nr. 108 om endringer i a-opplysningsloven

I

I lov 20. desember 2018 nr. 108 om endringer i a-opplysningsloven gjer ein følgjande endring:

§ 6 a skal lyde:

§ 6 a *Bruk av personopplysninger ved utvikling og testing av IT-systemer*

Skattemyndighetene kan *behandle innhentede personopplysninger for* å utvikle og teste IT-

systemer dersom det vil være umulig eller uforholdsmessig vanskelig å oppnå formålet ved å bruke anonyme eller fiktive opplysninger.

Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om behandling etter første ledd.

II

Endringa under I tek til å gjelde straks.

B – Forslag til stortingsvedtak

Forslag

til vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1997 om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringene

Frå 1. juli 2019 gjer ein følgjande endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1997 om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringene for 2019:

II skal lyde:

Produktavgiften skal være 2,2 pst. fra og med 1. juli 2019.

Forslag

til vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1999 om avgift på alkohol (kap. 5526 post 70)

Frå 1. juli 2019 gjer ein følgjande endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1999 om avgift på alkohol for budsjettåret 2019:

§ 1 fyrste ledd skal lyde:

Fra 1. juli 2019 skal det i henhold til lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter betales avgift til statskassen ved innførsel og innenlandsk produksjon av følgende varer med følgende beløp:

Alkoholholdig drikk	Volumprosent alkohol	Kr
	t.o.m. 0,7	avgiftslegges etter reglene for alkoholfrie drikkevarer
Brennevinsbasert	over 0,7	7,69 per volumprosent og liter
Annen	over 0,7 t.o.m. 2,7	3,44 per liter
	over 2,7 t.o.m. 3,7	12,93 per liter
	over 3,7 t.o.m. 4,7	22,40 per liter
	over 4,7 t.o.m. 22	5,01 per volumprosent og liter
Gjæret fra små bryggerier	over 3,7 t.o.m 4,7	17,92 per liter for volum t.o.m. 50 000 liter årlig 19,04 per liter for volum over 50 000 liter og t.o.m. 100 000 liter årlig 20,16 per liter for volum over 100 000 liter t.o.m. 150 000 liter årlig 21,28 per liter for volum over 150 000 t.o.m. 200 000 liter
Etanol til teknisk bruk	over 0,7	sats som for alkoholholdig drikk

Forslag

til vedtak om endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1999 om avgift på motorvogner mv. A. Engangsavgift (kap. 5536 post 71)

Frå 1. juli 2019 gjer ein følgjande endring i Stortingets vedtak 12. desember 2018 nr. 1999 om avgift på motorvogner mv. A. Engangsavgift for budsjettåret 2019:

§ 2 fyrste ledd avgiftsgruppene F og I skal lyde:

	Egenvekt (kg)	Motoreffekt (kW)	NO _x -utslipp (mg/km)	CO ₂ -utslipp (g/km)	Slagvolum (cm ³)	Sats per enhet (kr)
<i>Avgiftsgruppe F</i>						
Motorsykkel med plikt til å dokumentere drivstofforbruk og CO ₂ -utslipp, og med				0–75		0
				76–135		673,59
				over 135		910,79
					0–225	0
					226–900	30,27
					over 900	70,75
Motorsykkel uten plikt til å dokumentere drivstofforbruk og CO ₂ -utslipp, og med						8 172
		0–11				0
		over 11				258,76
					0–225	0
					226–900	33,26
					over 900	72,94
<i>Avgiftsgruppe I</i>						
Avgiftspliktige motorvogner som er 20 år eller eldre						0

Forslag

til vedtak om endring i Stortingets vedtak 25. april 2019 nr. 482 om avgift på frekvenser mv. (kap. 5583 post 70)

Fra 1. juli 2019 gjer ein følgjande endring i Stortingets vedtak 25. april 2019 nr. 482 om avgift på frekvenser mv. for budsjettåret 2019:

§ 1 fyrste ledd skal lyde:

Fra 1. juli 2019 skal det betales avgift til statskassen for bruk av frekvenser til drift av system for mobilkommunikasjon med følgende beløp per MHz (frekvensdupleks) disponert båndbredde:

– 450 MHz-båndet	kr 1 302 000
– 700 MHz-båndet	kr 1 485 000
– 800 MHz-båndet	kr 1 485 000
– 900 MHz-båndet	kr 1 485 000
– 1 800 MHz-båndet	kr 1 485 000
– 2,1 GHz-båndet	kr 1 373 000

=====

Bestilling av publikasjonar

Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 06/2019

